



Rogaland
fylkeskommune

Ei kulturhistorie for Rogaland

Vedlegg til Regionalplan for kulturmiljø. Vedteken i fylkestinget 14. juni 2023.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Innhald

Forord	5
1. Eit fylke med mange landskap	6
2. Dei første rogalendingane	10
3. Skiftande klima og livsvilkår	13
4. Jegeren blir bonde	16
5. Handverkarar og høvdingar	19
6. Jernet tek over	23
7. Frå gullalder til katastrofe	30
8. Vikingtid og rikssamling	34
9. Landnåm ute og heime	39
10. Den nye trua	42
11. Reformasjonen	45
12. Mørketid og oppvakning	47
13. Ny vekst i handel og sjøfart	51
14. Eit nytt Rogaland blir til	57
15. Det store hamskiftet	59

16. Landbruksindustrien veks fram	66
17. Sild og skip	69
18. Brisling på boks	73
19. Allsidig industri	76
20. Religions- og samfunnsliv	80
21. Minoriteter som sette spor	83
22. Samferdsel på land og sjø	87
23. Bilen forandrar Rogaland	92
24. Tog og fly	95
25. Rogaland blir energifylket	96
26. Eit strategisk viktig fylke	99
27. Revolusjon i helsestellet	102
28. Inn i utdannings-samfunnet	104
29. Sentralisering, vekst og stagnasjon	106
30. «Lykkelandet»	109
31. Kva er regionalplan for kulturmiljø?	112



Foto: Kirsten Hellejordal Fossveit/Museumstjenestene i Rogaland.

Forord

Rogaland har eit variert landskap – frå kyst til høgfjell – der menneske har satt djupe spor igjennom 11 000 år. Gjennom alle desse åra har menneska sine livsvilkår, samfunnsstrukturar, næringsgrunnlag og sosiale strukturar endra seg.

Dette heftet skal gi innsikt i historia vår og kulturmiljøa våre. Heftet er eit vedlegg til Regionalplan for kulturmiljø, og er utarbeidd som del av planprosessen.

Oversikta skal vere eit hjelpemiddel for forvaltninga i vurderinga av bevaring og formidling av kulturminne, kulturmiljø og landskap. Vi trur at heftet vil vere til glede for alle som interesserer seg for historia til Rogaland.

Teksten er lagt opp både kronologisk og tematisk. Illustrasjonar og kortare tekster tar opp einskilde emne og utdjupar historia.

Teksten er i hovudsak utarbeidd av historikar og journalist Tom Hetland. Illustrasjonar og faktaboksar er utarbeidd av historikar Birger Lindanger, marinarknolog Arild S. Vivås og medarbeidarar i Rogaland fylkeskommune. Ei spesiell takk går til prosjektgruppa for regionalplanen og dei tidlegare fylkeskultursjefane Egil H. Grude og John G. Johnsen som har bidrege med gjennomlesing og innspel.

Etter at Regionalplan for kulturmiljø 2023–2035 blei vedteken i fylkestinget 15. juni 2023 er Ei kulturhistorie for Rogaland blitt trykt opp og skal delast ut. Denne versjonen inneheld i tillegg eit kortfatta samandrag av regionalplan for kulturmiljø, som ligg bakarst i heftet.

Vi håpar at heftet kan gi innsikt i historia vår, samt inspirere til å bevare, besøke og bruke kulturmiljø i Rogaland.

Kate Irene Jellestad Syvertsen

Seksjonssjef kulturarv

Rogaland fylkeskommune

Billettekst føregåande side: Fasgardløer har veggjar av bjørkeris, og har vore vanleg i Dalane. I dag er det få slike bygningar att. Ei av desse høyrer til Dalane Folkemuseum og står på Barstad. Ei anna ligg under det freda gardsanlegget Øen.



1. Eit fylke med mange landskap

Rogaland ligg lengst sørvest i Noreg, vendt mot Nordsjøen og med kort veg til det europeiske kontinentet og dei britiske øyane. Den lange kystlinja har alltid vore innfallsport og utgangspunkt for kontaktar med verda utanfor, og dei viktigaste næringane i fylket har alltid vore baserte på rike ressursar frå havet.

Rogaland er eit av dei minste norske fylka, med berre 3 prosent av landarealet, men det har eit svært variert landskap med opne kyststrekningar, breie fjordar og smale fjordarmar, og med dalar, heiar og bratte fjell mot aust. Enkelte landskapstypar er eineståande i norsk samanheng, som sandstrendene og kulturlandskapet på Jæren. Mangfaldet vert særleg tydeleg fordi dei ulike landskapa ligg så tett på kvarandre. Ein tilreisande turist kan lett få med seg både Jærstrendene, Lysefjorden og Preikestolen på ein dag.

Rogaland blir gjerne delt inn i fire regionar: **Dalane, Jæren, Ryfylke og Haugalandet.**

«Ryger» som namn på folket i sørvest er kjent frå 500-talet, og etter år 900 gjekk heile området, både nord og sør for Boknafjorden, under namnet «Rygjafylket». I løpet av 1000-talet vert Rygjafylket etablert som eiga administrasjonseining. Den strekte seg då frå Åna-Sira i sør til Ryvarden i nord, og var dermed i all hovudsak identisk med dagens Rogaland.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Tungenes fyr på Randaberg er den ytste utposten langs Jærkysten.

Dalane

Dalane sør i fylket er kjenneteikna av eit kupert og nakent «månelandskap», med karrige knausar og småfjell langs ein vêrhard kyst. I dette landskapet var det lenge berre enkle ridevegar som gjekk over land mot Sørlandet, og sjøvegen var ferdselsåra framfor alle. Innimellom dei mineralrike berga er det likevel lune, frodige stader med skog og dyrka mark. Langs elvedalane mot nord og aust er jordbrukslandet rikare, og dei fører vidare inn mot høgheiar og fjelldalar med godt beite.

For den som kjem frå sør, skifter landskapet brått og dramatisk karakter på Ogna. Jæren, med sitt lave landskap, opnar seg. Er det ein vårdag, kan ein på den høge himmelen sjå vipa i rask flukt, medan lukta av nyspreidd husdyrgjødsel riv i nasen.

Jæren

Låg-Jæren er Noregs største låglandsslette. Den er skapt av isen, som førte med seg tjukke, steinrike morenemassar som gir særleg gode forhold for jordbruk. Jæren skil seg også frå resten av fylket med si lange, rette kystlinje og sine mange sand- og rullesteinstrender, men med få gode, naturlege hamner. Jærhavet har vore eit frykta havstykke med mange forlis.

Høg-Jæren, med småknausete heilandskap og meir fjell i dagen, ligg ovanfor og austanfor slettene på Låg-Jæren. Lyngheilandskapet i Time og Hå er særeige, og viser korleis større delar av Jæren såg ut før oppdyrkinga skaut fart. Jæren er truleg den delen av Noreg som i størst grad er endra av menneskeleg aktivitet, gjennom drenering, oppdyrking og andre inngrep.

Den breie Boknafjorden dannar eit geografisk skilje mellom Jæren og Dalane i sør, og Ryfylke og Haugalandet i nord.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Jelsa er ein av dei best bevarte strandstadane i Ryfylke med eit særeige miljø av eldre småhus og den vakre trekykja frå 1647.

Ryfylke

Kyst- og øylandskapet i og rundt Boknafjorden, med fjordane, dal- og heilandskapet og fjellstrøka innanfor, utgjer Ryfylke. I Boknafjorden ligg eit ope, grønt og frodig øylandskap, prega av næringsrike bergartar som gir gode jordbruksforhold. Her var eit tyngdepunkt i den tidlege busetnaden i fylket. Tronge, djupe og ville fjordar som Lysefjorden, Jøsenfjorden og Hylsfjorden skjer seg inn i fjellområda i nord og aust. Her er forholda for jordbruk meir marginale og bruka mindre.

Fjellet i Ryfylke består både av skrinne fjellplatå med høge toppar og av frodige stølsdalar. Fjellet har vore nytta til jakt og fiske, beite og førsanking. Høgast i Ryfylkefjella finst den sørlegaste villreinstammen i Europa. Frå gammalt av har det her gått ferdselsvegar austover og nordover til andre delar av landet.

Haugalandet

I nordvest, på Haugalandet, møtest hav, øyar og fastland. Dette området er skore opp av ei rekkje nordsørgåande fjordar og har et kupert terreng med mange vatn. Sjøen batt saman, medan ferdsla over land var tungvint før køyrevegane kom. I aust er det mykje skog, og mot vest, der folket bur tettare, er landskapet i større grad prega av jordbruk og fiske. Lengst vest ligg den langstrekke Karmøya, den største i Rogaland. Øya dannar ein vernande rygg mot storhavet utanfor, og den gode leia gjennom Karmsundet gjorde at området fekk ei viktig rolle i den tidlege Noregs-historia. Her sat Harald Hårfagre og vakta riket han hadde samla i Hafrsfjord.

Skipsleia gjennom Karmsundet er også tidleg nemnt i historiske kjelder som ein del av «Nordvegen», eller «leia mot nord» som truleg har gitt namn til Noreg.



2. Dei første rogalendingane

Norskerenna som den såg ut for om lag 11500 år sida då dei første menneska kom til Rogaland. Avstanden over havet var mykje kortare enn i dag og isen låg tung over innlandet.

Landskapet kan ha likna på dagens Vestgrønland. Bleikgrønt gras strekte seg ned mot steinete strender, og ein kunne skimta breen som ennå låg tjukk over innlandet. Havet stod høgare enn i dag, og kyststripa var broten opp av mange små øyar og sund. Det myldra av sel, kval, sjøfugl, fisk og skaldyr.

Me veit ikkje kvifor dei første menneska kom til Rogaland, men dei kan ha kome sjøvegen frå sørvest. Større delar av Nordsjøen var tørt land, og avstanden over Norskerenna var mykje kortare enn i dag. Ein annan innvandringsveg var langs kysten frå Bohuslän i aust.

Dei første spora me finn etter desse pionerane, er rundt 11.000 år gamle. Nokre av dei aller eldste busetjingane ligg på Galta på Rennesøy, på Årvik i Tysvær og på Hundvåg i Stavanger, men også lenger inne i fjordane, som på Oanes i Forsand.

Buplassane nær kysten låg på øyar og nes, og viser at menneska må ha vore særst sjødyktige. Dei har hatt båtar som kunne tola ferder på ope hav. Heile norskekysten vart teken i bruk i løpet av nokre få hundre år. Kort tid etter at isen hadde trekt seg tilbake finn me òg spor etter kortvarige besøk i fjellområda, i Forsand og i Gjesdal. Jakt på villrein må ha vore det viktigaste målet for desse ekspedisjonane.

Reiskapane av stein, som er det einaste som er tilbake, vitnar om ein felles nordeuropeisk kultur, der menneska levde i små grupper og forflytta seg over store avstandar både på sjø og land.

Inndeling av dei ulike periodane av forhistorien i Rogaland (før og etter Kristus: f.Kr og e.Kr:

Steinalder	Bronsealder	Jernalder	Mellomalder
Eldre steinalder: 9500–4000 f.Kr.	Eldre steinalder: 9500–4000 f.Kr.	Eldre jernalder: 500 f.Kr.–550 e.Kr.	Høgmellomalder: 1050–1350 e.Kr.
Yngre steinalder: 4000–1700 f.Kr.	Yngre bronsealder: 1200–500 f.Kr.	Yngre jernalder: 550 e.Kr–1050 e.Kr.	Seinmellomalder: 1350–1537 e.Kr.



Foto: Terje Tvedt, Arkeologisk museum, UIS.

Reiskapane av flint vart tilverka på same måte over store delar av Europa. Her er nokre av funna frå Galtabuplassen på Rennesøy.



3. Skiftande klima og livsvilkår

Sånn kan buplassen i Stangelandshellaren i Klepp ha sett ut i siste del av eldre steinalder. Buplassen er skilta og tilrettelagd for besøkjande

Eldre steinalder er den lengste perioden i vår forhistorie. Perioden dekker om lag 5000 av dei 11.000 åra me veit at Rogaland har vore busett. Me veit at det skjedde store omskifte i naturmiljø og landskap gjennom desse tusenåra.

Ettersom isen smelta steig havet, men samstundes heva landet seg, og havnivået endra seg difor mykje. Menneska som livberga seg av livet i havet flytta etter strandlinja, og me finn buplassane deira langs dei fortidige strandlinjene. Nokre stader må ein i periodar ha merka landhevinga frå generasjon til generasjon, medan andre stader gjekk endringane gjennom livsløpet til det enkelte mennesket sakte og umerkeleg. Endringar kunne også koma i form av naturkatastrofar, som det enorme undersjøiske Storeggja-skredet for om lag 8000 år sidan. Det skapte ei flodbølgje som øydela buplassar langs kysten og langt inn i landet. I Rogaland har ein moglege spor av Storeggja-hendinga ved Hålandsvatnet og Sola flyplass.

Tre til fem gradar høgare

Klimaet endra seg, og dyre- og planteliv med det. Frå det nærmast arktiske klimaet i tida for dei første busetjingane vart det gradvis varmare, opptil 3-5 grader høgare enn i dag, før det kulminerte for 4000-5000 år sidan.

Skogen spreidde seg etter kvart over heile fylket, fleire stader må det ha vore tett urskog og eit anna biologisk mangfald enn me er vande med. I Vistehola på Randaberg, som blei brukt til bustad i periodar frå 6500 før Kristus (f.Kr) til 500 etter Kristus (e.Kr.), var såleis villsvin ein viktig del av dietten i delar av steinalderen.

Me finn svært mange spor etter menneska sin bruk av landskapet i den lange perioden som er kalla eldre steinalder, men det er sjeldan at me finn organisk materiale bevart. Reiskapane me finn på buplassane er laga av flint, men etter kvart også av meir lokale bergartar som grønstein, kvarts og bergkrystall. Bruken av lokale bergartar kan peika mot ei større regional tilknytning, men òg at tilgangen på strandflint blei dårlegare mange stader. Menneska livberga seg i heile denne perioden av jakt, fangst, fiske og sinking. Dei har hatt variert tilgang på mat, og har flytta etter årstidene og der ressursane til kvar tid var. Det må likevel ha vore eit hardt liv, der berre det å overleva vinteren kunne vera ei alvorleg utfordring.

Fakta

Endringar i havnivå (strandlinjeforskyvingar)

Gjennom heile historia har folk budd langs kysten i Rogaland og heilt sidan dei første menneska kom til Rogaland har havnivået endra seg.

Då dei første menneska kom til norskekysten, låg innlandsisen fortsatt tjukt over store delar av Norge. Isen var tung og pressa landet ned. Då isen smelta vart vekta redusert og landet heva seg. På den same tida førte issmeltinga til at det vart meir vatn, noko som resulterte i at havet steig. Forholdet mellom desse to parallelle prosessane avgjer om strandlinja stig (transgresjon) eller synk (regresjon).


Forsking viser at i Rogaland har havnivået stige to – og nokre stader tre – gonger sidan siste istid. I periodane mellom stigningane har havnivået sunke igjen.

Menneska flytta seg etter strandlinja

Dei arkeologiske spora som vi har etter den tidlegaste busetnaden langs kysten i Rogaland, viser tydeleg korleis menneska flytta seg etter strandlinja. Dei eldste buplassane vi kjenner til, datert til rundt 9300 år f.Kr, kan ligge opp mot 20 meter over dagens havnivå.

Dei neste 1000 åra fall havnivået raskt ned til berre nokre få meter over dagens havnivå i store delar av fylket. Lengst sør i fylket sank havnivået så langt ned at det lå fleire meter under dagens havnivå.

Frå slutten av eldre steinalder, 6400–4000 f.Kr, og i ein periode på nokre tusen år ligg buplassane rundt 10–12 meter over dagens strandlinje. Deretter synk havet gradvis ned mot dagens havnivå, og dei strandbundne buplassane blir flytta etter. Ved overgangen til vikingtid var havnivået nokon få meter høgare enn i dag. Ved den siste regresjonen har det blitt liggande igjen ein tydeleg strandvoll fleire stader i fylket.



Illustrasjon: Arhkon

Illustrasjonen viser korleis innlandsisen og havnivået har endra seg over tid. Under den siste istida trykte vekta av isen landet ned. Etterkvart som isen smelta blei det meir vatn i havet og landet heva seg. Forholdet mellom desse prosessane førte til endringar i havnivå gjennom heile førhistoria.



4. Jegeren blir bonde



For 5–6000 år sidan finn me dei første teikn på ei ny tid. Ei livsform basert på jakt, fiske og sanking er heretter ikkje lenger einerådande. Jordbrukaren trer inn på arenaen. Arkeologane kallar det for «den neolittiske revolusjonen», etter neolitikum, eller yngre steinalder, som tek til om lag 4000 før Kristus (f.Kr.)

Til revolusjon å vera gjekk han likevel svært så sakte. Arbeidet med å svi av og rydda den tette urskogen og gjera han om til dyrka jord og beiteland tok tusentals år. Jakt, fangst og fiske heldt fram med å vera det viktigaste næringsgrunnlaget for dei fleste i Rogaland lenge.

Botanikarane finn spreidde spor av husdyrhald i Rogaland allereie frå 4000–3600 f.Kr. Det første husdyrbeinet som er funne her i landet, er bein av ein tamokse frå Stangelandshelleren i Klepp, datert til cirka 3000 f.Kr. Men først i perioden 2500–2200 f.Kr. kan ein snakka om eit

gjennombrøt for bondekulturen i Rogaland. Då finn me òg spor av korndyrking, i tillegg til husdyr som sau, geit og svin.

Rydding og sviing forandra landskapet. Grunnlaget for dei karakteristiske kystlyngheiane vart lagt i denne perioden. Mellombels buplassar vart erstatta av faste gardsanlegg. Me finn restar etter dei første langhusa, der folk og husdyr heldt til under same tak. Med eit meir variert og stabilt næringsgrunnlag stig folketalet. Og sakte, men sikkert veks det fram meir lagdelte samfunnsformer.



Illustrasjon: Rogaland fylkeskommune

Slettabøbuplassen (markert med rød ring) ved Ognå er datert til perioden mellom yngre steinalder og eldre bronsealder, omkring år 2500–1500 f.Kr. På den tida sto havet høgare enn i dag og buplassen har låge på stranda. Slettabø blei undersøkt av arkeologar på 60-talet. Ved utgravingane blei det mellom anna funne store mengder keramikk som knytte den til jordbruksbusetnad andre stadar i Skandinavia. Slettabø, saman med andre lokalitetar i området, utgjer ein viktig plass i den arkeologiske forskingshistoria og i forståinga av overgangen frå fangst- til jordbrukssamfunnet i Norge.

Fakta

Kystlyngheiane

Lyngheilandskapet i Europa strekkjer seg frå det nordlege Portugal i sør til Lofoten i nord attåt store område i Irland og Storbritannia. Fram til bronsealderen (1800 – 500 f.Kr.) var dei ytre strøka av Rogaland dominerte av varmekjær lauvskog, eit resultatet av ein årleg gjennomsnittstemperatur 2 grader C. høgare enn i dag. Sjølv om ein også i bronsealderen dreiv mobilt svedjebruk til åkerbruk og beite, makta skogen å henta seg inn for kvar gong.

Men kring 500 f.Kr. sakk temperaturen om lag til dagens nivå med kjølegare somrar og kjølegare og fuktigare vintrar. Det førte til at skogen ikkje fekk høve til å veksa seg opp att for kvar gong han vart avsvidd, og vart gradvis erstatta av kystlynghei.

I periodar med folketap, som etter pestane etter 550 e.Kr. og 1350 e.Kr., var kystlyngheia på vikande front, men henta seg inn att når folketalet auka. Kystlyngheiane nådde i Rogaland den største utbreiinga midt på 1800-talet. Omlegging av jordbruket særleg etter 2. verdskrig har pressa lyngheiane tilbake.

Kystlyngheiane er blant dei eldste kulturlandskapa vi har. Dei er ein del av ein felles europeisk kystkulturarv, og landskapstypen er i dag sterkt trua. I Rogaland er mellom anna Ognøy i Bokn og Synesvarden landskapsområde i Time blinka ut som område som det er viktig – og verdt å hegna om.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Synesvarden landskapsvernområde i Time.



Rehaugane på Karmøy.

5. Handverkarar og høvdingar

Om lag 1800–1700 f.Kr. vart steinalderen avløyst av bronsealderen. Bronse er ei legering av kopar og tinn, som måtte importerast til Noreg.

Rogaland har mange funn frå bronsealderen. Konsentrasjonen er særleg stor på Jæren og ved Karmsundet, noko som vitnar om at desse områda alt nå er etablerte som viktige maktsentrum og innfallsportar for teknologi og kulturimpulsar utanfrå. Det er ei relativt kort strekning over havet mellom Rogaland og Jylland, som var del av det sørsandinaviske kjerneområdet for den europeiske bronsealderkulturen.

Avansert smedarbeid

Dei eldste funna av bronsegjenstandar i Rogaland er to øksar frå cirka 1500 f.Kr., den eine frå Tjelta og den andre frå Skasvatnet i Klepp. Sistnemnde er truleg produsert i England, medan øksa frå Tjelta er meir primitivt forma og sannsynlegvis støypt lokalt. Bronse kan smeltast om og støypast på nytt, og fleire funn av støypeformer tyder på at kunnskapen om dette handverket etter kvart har blitt utbreidd. Dei to spektakulære bronselurane frå Revheim viser langt meir avansert smedarbeid. Det er mogleg at lurane vart laga i Rogaland, men me veit det ikkje sikkert. Bronsesmedane er eksempel på ei gryande spesialisering av handverkarar i det rogalandske samfunnet.

Dei mange gravminna frå bronsealderen i Rogaland vitnar også om at samfunnet er blitt meir hierarkisk. Dei store gravhaugane i Reheia på Karmøy var 40–45 meter i diameter og 5–6 meter høge, og er blant dei største monumenta me har frå denne tida i heile Noreg. Ein så stor arbeidsinnsats kunne berre svært rike og mektige slekter ha råd til. Eit anna eksempel er grava på Ræge i Sola frå 1200 f.kr., Noregs rikast utstyrte kvinnegrav frå eldre bronsealder. Her er ei rekke bruks- og pyntegjenstandar i bronse som skulle følgja den døde. Rægefunnet

er eit av fleire funn som fortel at også høgtstående kvinner hadde makt og status i bronsealdersamfunnet.

Bronsereiskapar og smykke var det nok ikkje mange «vanlege folk» som hadde råd til. Øksar, knivar og pilesissar av flint og annan stein var framleis i bruk. Sjølv om jordbruk og fehald greip om seg, var jakt og fangst stadig viktig. Ikkje minst var skinn, pelsverk og horn frå fjellområda ettertrakta som handelsvarer.

Stadige endringar

Busetjing og byggeskikk endra seg gradvis. Nye gardar vart bygde lenger inne i landet, på Jæren typisk på hólane, dei sjølvdrøgnerte moreneryggane. Menneske og dyr budde i langhus under same tak. Mønsteret er enkeltstående gardar eller små klynger – berre i eitt tilfelle, Landa på Forsand, ser me eksempel på ein landsby, som var den vanlege måten å organisera busetjing på lenger sør i Europa. Særleg på Jæren, der det er gjort mange utgravingar av jordbruksbuplassar, ser ein at området må ha vore relativt tett befolka i bronsealderen. Ein ser òg tydeleg likskap med byggeskikken og samfunnsstrukturen i Jylland.

Denne kontakten kjem òg til syne i dei mange helleristingsfelta me har i Rogaland. Helleristingane på Austre Åmøy og andre stader viser mange slags motiv, men eitt motiv er alltid til stades: skipet. Skipa syner større farkostar med rom for mannskap på 12 – 26 personar, synleg som strekar i skipet. Skipa har sterke likskapstrekk med mellom anna Hjortspring-båten frå Danmark, som er om lag 2300 år gammal. Skipsmotiv frå både eldre og yngre bronsealder syner ein skipsteknologi der det hvar mogleg å kryssa ope hav.

Fakta

Helleristningar

I Norge finst det to hovudtypar av helleristningar – veideristningar og jordbruksristningar. Rogaland er eitt av områda i Norge som har den største konsentrasjonen av bergkunst med omlag 186 lokalitetar. Desse ligg i hovudsak på Jæren, og består av jordbruksristningar. Desse kan daterast til bronsealderen (1700–500f.Kr.).

Dei vanlegaste motiva i Rogaland er skip, både med og utan mannskap, då dette utgjer om lag 3/4 av ristningane. Andre vanlege motiv er skålgroper, spiralar, solfigurar, fotavtrykk og ringar.

Menneske og dyrefigurar for seg sjølve er noko sjeldnare å finne, men av dei som er påviste, ligg desse i hovudsak på lokalitetane i Sola kommune.

Helleristningar og deira betydning er noko som både forskarar og andre alltid har interessert seg for. Det er noko mytisk og mystisk ved denne typen kulturminne. Bergkunsten kan vere med å uttrykke fleire aspekt av menneska i fortida sine liv. Frå det fysiske og kvardagslege til det religiøse og kosmologiske. Dette kan dermed gi eit innblikk i livet og etterlivet til menneska som levde i Rogaland i bronsealder.



Foto: Åge Pedersen, Arkeologisk museum, UIS

På Solbakk i Strand kommune er det i likskap med store deler av Rogaland skipet som er størst representert. Her kan man sjå to ulike typar skip med mannskap hogd inn i berget ved sjøkanten. I tillegg til dei 31 skipsfigurane er det også 8 solfigurar i form av sirkelforma figurar.

Fakta

Forhistorisk byggeskikk

Det er få spor som fortel om bustadar og byggeskikk frå dei eldste tidene.

Likevel kan ein ut frå dei spora ein har, og samanlikningar med etnografisk material, gå ut frå at i eldre steinalder budde mange i hytter som liknar på gammer. Golvet i hyttene var grave ned i bakken og dekket med kvist eller bark. Taket besto av stokkar dekket med torv. Under kortare opphald har menneske heilt opp til historisk tid budd i telt, holer eller hellarar.

Det var ikkje før jordbruk og husdyrhald blei vanleg i yngre steinalder og bronsealder, at hus og gardar vaks fram. Dei eldste husa i Rogaland er langhus frå yngre steinalder bygd med stolpar grave ned i jorda. Veggene bestod av mindre, tettstående stolpar med flettverk av greiner tetta med leire. Desse langhusa var toskipa, det vil seie at ei rekke med takbærande stolpar gjekk langs midten av – og delte huset i to. Slike hus var 10–20 meter lange og 4–8 meter breie.

Inngangsdørene var vanlegvis på midten av langsiden.

I løpet av bronsealderen vart langhusa treskipa. Taket vart halde oppe av to rekker med parvise stolpar i ein grindkonstruksjon. Husa vart delte inn i fleire rom, eitt for folk og eitt for husdyr. I løpet av jernalderen vart langhusa større og det vart vanleg med to parallelle hus på gardane, eit stort og eit mindre. På nokre gardar var det òg eit mindre hus som kunne fungera som verkstad eller reiskapslager. Mange av langhusa i jernalderen hadde ein ekstra yttervegg av stein og jord. Dei treskipa langhusa var 10–60 meter lange og 5–9 meter breie. Det lengste langhuset me kjenner frå Noreg ligg på Vadland i Hå, og er i dag om lag 75 langt, men har vore større, minst 90 meter langt. I løpet av vikingtida og tidleg mellomalder vart lafta hus vanlege, kor dyr og folk budde kvar for seg (i eigne bygningar). Grindkonstruksjonen blei vidareført i mange løer, naust og andre bruksbygg heilt fram til vår tid.

Foto: Kate Svertsen, Arkeologisk museum, UIS



Gjennom arkeologiske utgravingar blir langhusa synlege gjennom spor i bakken etter veggstolpar og takbærande stolpar. Biletet er frå utgravinga av jordbruksbusettinga på Kvåle i Time der det vart funne både toskipa og treskipa hus frå fleire periodar.

6. Jernet tek over



Om lag 500 f.Kr. blir eit nytt metall teke i bruk. Jernet skulle revolusjonera mange sider av samfunnslivet, frå jordbruk til krigføring, og har gitt namn til ein lang historisk epoke. Den eldre jernalderen går over tusen år, fram til 550 e.Kr.

Det harde jernet eigna seg betre til reiskapar og våpen enn både stein og bronse. Det hadde også den fordel at det kunne utvinnast lokalt, og jernvinner av myrmalm finst det mange av i Noreg. Også i Rogaland har ein spor etter jernvinna, særleg i dei indre stroka. Frå Tagholt i Lund kjenner me til eit av dei eldste jernvinneanlegga. Med jernøks vart det lettare å rydda skog og byggja hus og skip, og bøndene fekk effektive reiskapar som ljåar, sigdar og lauvknivar av jern å hjelpa seg med.

Byggeskikken som tok til i bronsealderen utvikla seg vidare i jernalderen. Overgangen til jordbruk som viktigaste leveveg kravde mindre areal, men også tydelegare grenser mot grannane og fastare organisering. På Forsandmoen ser me eit framhald av den heilt særeigne landsbystrukturen. Mengda av gardar på moen aukar etter at jernet blir introdusert, og når ein topp i folkevandringstida med heile 16 gardar samla og truleg over 200 menneske og nærmare 400 storfe.

Den rekonstruerte Jernaldergarden på Ullandhaug er eit meir typisk eksempel på enkeltliggande gardsanlegg som vart bygde i denne tida (350–550 e.Kr.). Her er tre

parallele langhus for menneske og husdyr, med dyrka innmark innanfor eit gjerde mot utmarka. Det budde neppe meir enn 15–20 menneske her samstundes. I Rogaland finst særleg mange eksempel på gardar av denne typen. Fordi husveggar, gjerde, rydningar og graver vart bygde i stein, finn me nokre stader spora av dei bevart i utmark og beitemark. I Gjesdal og i Bjerkreim finn me særleg mange slike øydegardar. Tuftene etter husa ligg igjen som låge vollar i landskapet, fegata og markagarden er òg ofte synleg, og innimellom ligg rydningar, graver og åkerlappar som vitnar om organiseringa av jernaldergarden.

Ein spesiell fornminnetype er dei ringforma tunanlegga, med bygningar rundt ein sentral, open plass. Det finst eit trettital av dei i Noreg, åtte i Rogaland. Dei har neppe vore anlegg for ordinær busetjing, men heller stader for religiøse eller rettslege samlingar. Dei over 50 bygdeborgene i fylket, med tyngdepunkt på Nord-Jæren og i Dalane, fortel òg om konflikhtar og vald mellom ulike grupper. Det er ikkje tvil om at det krev ein viss grad av organisering for å byggja desse anlegga, og at det må ha vore eit behov for å forsvara seg.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Det ringforma tunanlegget "Dysjane" med Tinghaug i bakgrunnen, Klepp kommune.

I eldre jernalder ser me at fleire maktsenter vert etablerte i Rogaland, men spesielt to utmerkar seg: Tinghaugområdet sentralt på Jæren og Avaldsnes, strategisk plassert ved Karmsundet. Den rike kvinnegrava på Krosshaug i Klepp vitnar om ei kvinne som har vore ein del av den øvste sosiale eliten. Gravgodset som kvinna har fått med seg fortel om internasjonal kontakt. Avaldsnes er særleg

kjent som kongssetet til Harald Hårfagre og dei norske kongane etter han. Gravfunnet frå Flaghaugen, like ved kyrkja på Avaldsnes, fortel om ein høvding som har hatt ei av dei fremste stillingane i eit skandinavisk nettverk i romartid. I Rogaland har vore fleire maktsenter med stor innverknad og nær kontakt med det nordeuropeiske kontinentet i ei tid der Romarriket dominerte i store delar av Europa.

Foto: Rogaland fylkeskommune



Ein av mange kólgroper som er funnen langs med munningen av Ørsdalsvatnet og Odlandshølen.

Fakta

Bygdeborger

Bygdeborger er forsvarsverk som ligg på toppen av bratte åsar og berg. I Rogaland kjenner vi til over 50 bygdeborger. I dag er dei synlege som utrasa steinmurar der terrenget har vore lettast å ferdast i. Fleire stader har murane truleg vore forsterka med palisadar av tre, og det er også funne hustufter innanfor nokre av borgene. Murane var tørrmurt av lokal stein, og bygdeborgene må ikkje forvekslast med dei murte festningsverka som ein kjenner frå mellomalderen og seinare.

Bygdeborgene kan i all hovudsak daterast til eldre jernalder, men ein har også bygd og brukt slike forsvarsverk i yngre jernalder. Dei tydelege teikna på forskansing syner at det har vore naudsynt å forsvare seg, men det finst også andre tolkingar av anlegga.

Lokale segner og historier er ofte knytte til bygdeborgene. I Rogaland er særleg bygdeborga på Ytraberget kjent gjennom Snorre sin omtale av slaget i Hafrsfjord.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Finnborg er ei bygdeborg som ligg på ei lita øy nordaust for Kyrkjøy i Stavanger kommune.

Fakta

Kulturminne i fjell-, hei og utmarksområde

Kulturminne i utmark er ei samansett gruppe. Dei spanner over fleire tidsperiodar og famnar mange ulike kategoriar leivningar. Etter at isen trekte seg attende, har fjellet og utmarka vore ein ressurs for jegarar og gardbrukarar i meir enn 9000 år. Her finn ein steinalderbuplassar, hellarar og dyregraver like attmed spor etter ferdsle, handel, stølsbruk, torvuttak, myr-slått og lauving. Jern- og kolproduksjon, steinbrot og gruvedrift har óg sett sine spor i kulturlandskapet.

Stadar og naturformasjonar kan dessutan vera knytta til historiske hendingar, tru og tradisjonar. Det er ikkje berre dei fysiske kulturminna i utmarka som skal forvalta. Norge har óg ratifisert UNESCO - konvensjonen av 2003 om immateriell kulturarv. For kulturlandskapet i fjell- og utmarksområde, kan dette til dømes omfatte ei vidareføring av nedarva praksis og handlingsmønster knytta til

utmarksbruken over tid. Der ein gamal støl eller buplass skjuler seg, kan ein ofte berre sjå ei lysing i skogen. Det kan óg vera stein lødd i steingardar, i små hustufter, eller som livd framfor ein hellar. Jordbotnen på fjellet er gjerne skrinn og kulturlaga er tynne. I centimeter er det sjeldan langt mellom steinalderbuplassen og kaffikjelen, men tidsdjupna kan vera stor og bruksfasane mange. Ein må hugse på at bruken av dei historiske stølane som ressursområde, oftast går langt tilbake i førhistoria.

Samanlikna med monumentale gravminne og gardsanlegg i låglandet, er kulturminne på fjellet og i utmarka ofte lite prangande. Dei kan verke smålátne og enkle, noko som ikkje svarar til den rolla dei har hatt i samfunnsøkonomien. Utan heilskapleg kunnskap om kulturminne i utmarka har vi ikkje moglegheit å forstå busetnadsområda og dei førhistoriske samfunna fullt ut.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Storhidler i Hjelmeland kommune. Fangstbuplass frå eldre og yngre steinalder, historisk støl og jakthytte frå nyare tid.



7. Frå gullalder til katastrofe

Inst i Leirangsøyla i Nedstrand ligg det ei stor nausttuft frå yngre jernalder/vikingtid. Ut frå storleiken og den svært strategiske plasseringa, må naustet ha vore del av eit organisert kystforsvar (leidang). Naustet er 34 meter langt og kan ha romma eit leidangsskip.

Foto: Stavanger maritime museum



Strandgravfeltet ved Hå gamle prestegard.

Funn i Rogalands-
jorda vitnar bokstavleg
talt om ein gullalder
som kulminerte i
folkevandringstida,
400–500 år e.Kr.

Klimaet var mildt i denne perioden, og mange nye gardar vart rydda. Rikt utstyrte graver, både på strendene og lenger inne i landet, fortel om menn og kvinner med makt og stor rikdom etter den tids målestokk. Mange av gjenstandane frå gravene hadde sitt opphav langt sør i Europa. Uvanleg mange store nausttuffer frå eldre jernalder og utover peikar mot aukande ferdsel over havet, der ein stor del av folket må ha teke del.

Så minkar spora frå fortida brått, både på Forsandmoen og elles. Frå midten av 500-talet

til slutten av 700-talet blir talet på arkeologiske funn i Rogaland kraftig redusert. Det heng truleg saman med dramatiske hendingar ute i verda. Eitt eller fleire store vulkanutbrot fleire stader i verda skapte i 536 ein global klimakatastrofe. Oska skygde for sola, temperaturen fall kraftig og det vart uår. Det kalde Norden må ha vore særleg utsett. Fem år seinare braut «den justinianske pesten» ut i keisarhovudstaden Konstantinopel. Det var ein sjukdom som likna Svartedauden på 1300-talet, og saman med etterfølgjande pestepidemiar skal han ha teke livet av halvparten av befolkninga i Europa.

Det relativt folketette Rogaland vart særleg hardt ramma av desse ulukkene. Gardar i marginale område vart fråflytta. Straumen av handelsvarer frå Europa tørka inn. Men nedgangen skulle ikkje vara evig. Når me nærmar oss 800-talet, skulle typiske trekk ved Rogaland visa seg med endå større styrke: eit område som utmerkar seg med kombinasjonen av eit rikt hav, eit variert landskap og ei frodig jord, og der menneska har blikket retta utover mot sjøen og mot land på andre sida av havet.

Fakta

**Øydegardsanlegg
frå folkevandringstid**

Det karakteristiske gardsanlegget i Rogaland frå folkevandringstida (Cirka 400–570 e.Kr) består normalt sett av eitt eller fleire langhus samla i eit tun. Det spesielle i Rogaland er at husa har hatt yttervegger av stein. Det var vanlig at minst eitt av husa på garden var delt i to, med ein bustaddel i den eine enden og ein fjøsdel i den andre. Andre hus kunne vere verkstader, reiskapshus og liknande.

Ut frå fjøsdelen gjekk det ein steinbygd geil (fegate). Denne gjekk vidare over i steingarden som skilde åkerlandet (innmarka) og utmarka på garden. Åkerlandet er rydda for små stein som har blitt lagt i mindre rydningsrøyser. På fleire gardar er det også rydningsrøyser i utmarka. På gardane har det også vore gravhaugar. Ofte ligg dei i åkerlandet og nær husa, men dei kan også finnast i utmarka.

Gardane kan grovt delast inn i to typar, einskildbruk og fellesbruk (samansette gardsanlegg). Gardsanlegget på Ullandhaug i Stavanger er eit eksempel på eit einskildbruk. Slike gardar består berre av eitt tun med hus omkransa av ein steingard, medan fleirbruksgardane har fleire tun med hus der alle har kvar sin geil til utmarka, men med felles steingard og ofte felles åkerland. Eit eksempel på dette kan ein sjå restane av på Storrsheia i Bjerkreim.


Mange av gardane blei fråflytta i slutten av folkevandringstid/merovingertid (Cirka 570–600 e.Kr), men nokre øydegardar har også blitt tatt i bruk igjen i både vikingtid og mellomalder.

Blant dei best bevarte øydegardane kan ein i dag sjå meir eller mindre heile garden med steinveggene i tuftene, røyser, geil og steingardar, men dessverre er mange av dei kjente øydegardane heilt eller delvis fjerna.

Foto: Rogaland fylkeskommune



Biletet viser øydegardsanlegget i Uadal i Bjerkreim kommune, sett mot søraust. Sentralt i biletet ligg tuftene med geil og steingardar ut til venstre. Rundt ligg det fleire røyser av varierende storleik.



Illustrasjon: Rogaland fylkeskommune

Illustrasjonen syner øydegardsanlegget i Uadal i Bjerkreim kommune. Garden blei truleg rydda og busett i byrjinga av folkevandringstida. I dag er det minst seks hustufter sentralt på anlegget. Ein geil og steingard som omkransar heile innmarka går ut frå hustufta lengst i nordvest.



Foto: Rogaland fylkeskommune

8. Vikingtid og rikssamling



Det er sagt at skipsleia langs Rogalandskysten har gitt namn til landet vårt, Nordvegen – vegen mot nord. Denne gjekk gjennom Karmsundet, og dei store skipsgravene på Gunnarshaug og Bø på Karmøy vitnar om kor sentralt Karmsundet var.

Dei lokale høvdingane greier lenge å hevda maktposisjonane sine. I slaget i Hafrsfjord, tradisjonelt tidfesta til 872, må dei likevel gi tapt mot Harald Hårfagre. I sagalitteraturen har han fått æra av å ha samla Norge til eitt rike, medan taparane «flaug over Jæren, heim or Hafrsfjord, huga på mjød-drykk», som skalden Torbjørn Hornklove triumferande skildra dei. Ifølgje Snorre skal det ha vore både hordar, ryger, egdar og telar som kjempa mot Harald Hårfagre.

Kor samla Norge vart, kan diskuterast. Langt på veg var det eit Vestlands-rike, i alle fall såg Hårfagre det som nødvendig å kontrollera Vestlandet. Han heldt seg i lange periodar på kongsgardane på Utstein og på Avaldsnes. Ifølgje sogetradisjonen er han gravlagd på Haugar ved Karmsundet.

I sørfylket ser det ut til at tyngdepunktet på denne tida hadde flytta seg frå flat-Jæren og nordover til Stavanger/Sola-området og øyane

i Boknafjorden. Her var jorda meir lettdyrka, og det var naturlege hamner. Boknafjordbassenget kan ha vore det mest tettfolka i landet. Eit teikn på høgt folketal er at skipreida i dette området var dei minste i landet, rekna i areal. Leidangsordninga, som vart etablert midt på 900-talet, delte landet inn i skipreide som kvar skulle stilla eitt skip med mannskap i tilfelle krig. Rygjafylket hadde 33 slike skipreide, for å makta denne tidlege forma for verneplikt må det ha vore tilgang på mange menn.

Ein stor del av vikingferdene hadde sitt utgangspunkt på Nord-Jæren. Mange lokale funn har opphav i Irland, som på denne tida var ein vikingkoloni. Handel og bytte, og etter kvart busetjing var vel så viktig drivfaktor for vikingferdene som plyndringstokta som vikingane tradisjonelt er forbundne med. Vikingtidas skandinavar spelte ei aktiv rolle i det politiske og aristokratiske Nord-Europa på 800 – 1000-talet.

Billettekst føregåande side: Gardsanlegget på Vaula på Mosterøy ligg strategisk til med sjøen på begge sider. Garden er tidfesta til folkevandringstid, men den eine hustufta som er godt synleg sentralt i biletet, vart også nytta som naust i vikingtid.

At dei lokale høvdingane framleis var å rekna med, er Erling Skjalgsson frå Sola det beste eksempelet på. Han var den mektigaste stormannen på Sørvestlandet og inngjekk ein fredsavtale med kong Olav Haraldsson ved Kvitsøy i 1016, men vart drepen av ein av kongens menn i Boknafjorden i 1028. Etter drapet vart det reist ein steinkross til minne om Erling i Stavanger. Den står nå på Stavanger museum. Ifølge Snorre let Erling Skjalgsson trælane sine arbeide seg til fridom. Mellom anna blei dei satt til sildefiske.

Ein reknar med at trælane utgjorde om lag ein tidel av folket i Noreg rundt år 1000. Mange av dei var tekne til fange under vikingferder og krigstokt i utlandet, men også innfødde bønder kunne bli ufrie om dei for eksempel ikkje greidde betala gjelda si.

Utover i mellomalderen ser det ut til at stadig fleire bønder blir leiglendingar under kyrkje og stormenn. Det veks fram ein lågadel av bondehovdingar som går i kongens teneste og får eigedom i løn for det. Tidleg på 1300-talet er berre 40 prosent av jorda i Rogaland eigd av bøndene sjølve. Prosenten er endå lågare i dei fruktbare områda på Nord-Jæren og på øyane. Slik sett er dette ein del av eit større europeisk mønster, der bøndene gjerne er mest ufrie der jorda er best og gjev store inntekter for dei som kontrollerer ho. Men i Rogaland var det ingen automatikk i at dei sjølveigande bøndene hadde større inntekter enn leiglendingane, sidan dei sistnemnde ofte sat på dei beste bruken.

Fakta

Skipsgraver og skipsteknologi

Nøkkelen til vikingane sin ekspansjon og suksess var truleg utviklinga av det seglførande skipet. Vikingskipa var svært fleksible fartøy som kunne seglast over hav, roast opp elvar og trekkast over land.

Me veit ikkje kva tid eller kor det teknologiske spranget frå rodde til seglde skip skjedde, men det 22 meter lange Osebergskipet har lenge vore det eldste kjente seglskipet, bygd i år 820 og lagt ned som gravgods i Vestfold i 834.

Takka vere ny teknologi for arkeologiske undersøkingar, såkalla dendrokronologi eller årringsdatering, veit me no at Osebergskipet vart bygd på Sørvestlandet.

Dei mindre kjente skipsgravene på Karmøy; Storhaug og Grønhaug, inneheldt restar av skip som var eldre enn Osebergskipet, men bygd av tømmer frå dei same skogane som det berømte nasjonalikonet frå Oseberg. Det omlag 15 meter lange Grønhaugskipet vart bygd omkring 780, og Storhaugskipet, der berre kjølen truleg var heile 22 meter, vart bygd rundt år 770. Skipsrestane frå Karmøygravene – Skandinavia sine to eldste skipsgraver – vert no undersøkte på nytt. Karmøyskipa har tidlegare blitt tolka som ro-skip, men nye undersøkingar tyder på at dei truleg var seglførande. Var det rygene som var først ute med å sette segl på skipa her til lands?



Foto: Universitetsmuseet i Bergen

Frå utgravinga av skipsgrava Grønhaug ved Bø på Karmøy i 1902. Haugen var då 30 meter i diameter og 4 meter høg. I dag er Grønhaug restaurert, skilta og lett tilgjengeleg.

Fakta

Fjæremannstufter

Fjæremannstuftene er ein særeigen type kulturminne ein finn langs kysten frå Värmland og opp til Trøndelag. Nord for Boknafjorden finns det særleg mange av dei, mellom anna på Røvær og bokn. Desse tuftene er synlege som kvadratiske eller tilnærma runde rekker med stein som ligg nær strandsona. Båtstøer, og av og til restar etter brygger er og påvist i område der tuftene ligg samla.

Fjæremannstuftene er ofte tolka som fiskevær som var knytt til sildefiske og anna sesongfiske, og dei ligg ofte i lune viker nær gode fiskeplassar. Dei få anlegga som har vore fagleg undersøkt, er tidfesta til yngre jernalder og tidleg mellomalder. På Bokn ligg mange av tuftene samla i eit slikt omfang at det tyder på at dette fisket må ha vore organisert av nokon med administrativ kontroll over større område. Det høver godt med det ein vet om sentralisering av makt i desse periodane.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Ved Hognåsvika i Bokn kommune, ligg ei særleg stor samling av fjæremannstufter i like attmed strandkanten. Nokre av tuftene er lette å sjå, medan andre ligg godt gøymde under lyng og gras.

9. Landnåm ute og heime





Foto: Rogaland fylkeskommune

Utgraving av kongsgården frå mellomalderen på Avaldsnes i 2017.



Kart over stormannsæte i Boknafjordsområdet i mellomalderen. På Nord-Jæren og Øyene i Boknafjorden var det gode jordbruksforhold og rike gardar, og det var mange stormannsæte her. Gjennom mellom anna giftarmål danna desse ættene eit nettverk som gav nasjonal styrke. Raude trekantar markerar høgadel medan dei blå rundingane markerar lågadel.

Fakta

Stadnamn

Dei eldste stadnamna i Rogaland går 3–4000 år tilbake i tida. Særleg gjeld det øy- og fjordnamn ved Boknafjorden som Bokn, Ombo og Fister og gardsnamn på Jæren som Goa, Tasta og Sola. Om lag like gamle er usamansette namn som Nes, Vik, Lunde og Sunde.

Noko yngre, frå kring år 0 til 500 e.Kr., reknar me samansette namn med -heim, -vin, -land, -stad og tveit. Desse gardane er busette i førkristen tid om det ikkje dreier seg om moderne nylagingar.

Den største gruppa, er land-namna som det er 509 av jamt fordelte over heile fylket. Nest størst er stad-namna. Dei er det 103 av, 2/3 av dei ligg på Jæren og Dalane. Av heimgardar er det 66, jamt spreidd ut i Rogaland.

Sidan er det 60 gardsnamn samansette med -tveit. Med tre unnatak ligg dei alle i Ryfylke eller på Hauglandet. Av vingardane er det 21, 13 av dei på Jæren. Stadnamn som inneheld ord eller personnamn som kom inn med kristendommen for å vera yngre enn 900 e.Kr. medan namn med nemningar frå førkristen kult, er eldre.

Den rogalandske utferdstrongen i vikingtida strekte seg endå lenger enn landa kring Nordsjøen. Eirik Raude var ein mann frå Jæren. Kring 960 reiste han til Island saman med faren, som var lyst fredlaus for drap. På Island skjedde det same med Eirik, og han drog då nordover til landet han med sans for reklame gav namnet Grønland. Eirik var kanskje ikkje den første norrøne mannen som sette fot på verdas største øy, men han var den første som utforska landet og etablerte busetjingar der.

Også «det indre landnåmet» skaut fart i mellomalderen. Folkevekst og mildt klima førte til rydding av mange nye gardar, i tillegg til at fråflytte gardar frå eldre jernalder, som Uadalen på Storrsheia i Bjerkreim, vart tekne i bruk igjen. Dei beste jordbruksområda, i Boknafjordbassenget og på Jæren, var alt opptekne. Nå var det skrinne og meir høgtliggjande jord som måtte dyrkast opp.

Mange av desse marginale bruka vart liggjande brakk som «øydegardar» då Svartedauden og eit kjøligare vêrlag slo inn midt på 1300-talet.

Nedanom gjekk det også med det norske riket på 1300-talet. Nettverket av lågadelsmenn i Boknafjordområdet var ein maktfaktor heilt til det siste. Riddaren Ogmund Finnsson, av Hesbyætta på Finnøy, var Noregs siste drottsete (statsminister) før landet kom i union med Danmark på 1380-talet.

Eit symbol på ei svekka kongemakt i Noreg var hendinga i 1368 da hanseatane brende ned kongsgarden på Avaldsnes og etablerte ein handelsstasjon, Notau, i nærleiken. Det tyske handelsforbundet hadde ein sterk posisjon i Bergen i mellomalderen, men i seinare år er det gjort funn som viser at dei også dreiv ei omfattande verksemd ved Karmsundet på 1300- og 1400-talet.



Foto: Rogaland fylkeskommune

10. Den nye trua

Sørbø kyrkje på Rennesøy.

Med den nære kontakten mot Europa var det ikkje til å undrast over at Rogaland var den delen av landet der den nye religionen, kristendommen, først fekk fotfeste. Impulsane ser særleg ut til å ha kome frå England og Irland.

Dei gamle steinkrossane i Rogaland, over 60 i talet, har ei form som ein elles berre finn på Dei britiske øyane. Funn i graver frå 800-900-talet viser også spor av kristen påverknad. Kongane som gjekk i spissen for kristningsverket i tida rundt 1000, med Olav «den heilage» Haraldssons fall på Stiklestad i 1030 som kulminasjon, slo dermed inn opne dører i Rogaland. I alle fall må det ha vore tilfelle i kyst- og fjordområda, der alle steinkrossane står. «Kvite-Krist» kom sjøvegen.

Det tydelegaste fysiske uttrykket for makta til den nye trua er domkyrkja i Stavanger, som vart påbegynt under kong Sigurd Jorsalfare i 1125. Den mektige katedralen må ha stått som ein enorm kontrast til dei smålåtne husa kring Vågen. 1125 har tradisjonelt vore rekna som Stavangers grunnleggingsår, og spørsmålet

om tidlegare byutvikling er omdiskutert. Arkeologiske utgravingar i området rundt Vågen har ikkje gitt klare haldepunkt for at det fanst ein tettstad av noko større omfang, men det eksisterte i alle fall seinast på 1000-talet ein kristen gravplass på staden der domkyrkja vart reist.


Også rundt omkring i fylket vart det bygd ei rekkje kyrkjer, frå Avaldsnes i nord til Eigersund i sør, og med eit tyngdepunkt på øyane i Boknafjordbassenget. Stormennene der bygde gjerne kyrkje på eigen gard. Ti av mellomalderkyrkjene i Rogaland står framleis. Eit viktig religiøst sentrum var Utstein kloster, Noregs best bevarte mellomalderkloster med historie tilbake til 1200-talet.

Kyrkja var ikkje berre ein åndeleg, men også ein økonomisk maktfaktor. Rogaland utmerkar seg ved at ein svært stor del av gardane, opptil 40 prosent var kyrkjegods, der bøndene arbeidde som leiglendingar og betalte avgift til kyrkjer og kloster. Bispestolen i Stavanger hadde så stor makt at byen vart kalla «bispebyen».

Ved Leiasundet på Kvitsøy
står ein gamal steinkross godt
synleg frå sjø og land.

Foto: Rogaland fylkeskommune





Kartet viser kjende kyrkjestader frå mellomalderen i Rogaland. Kryss markerar bispesetet, trekant markerar kloster, rundingar markerar ståande mellomalderkyrkjer og firkantar markerar kjende kyrkjestader og ruinar.



Foto: Rogaland fylkeskommune

11. Reformasjonen

Årdal gamle kyrkje frå 1620 er ei av dei mest særmerkte renessanse-kyrkjene i landet. Kyrkja er ei langkyrkje og inne i kyrja er det bevart dekor, frå golv til tak, samt måleri og utsmykkingar.

Rikdommen og makta til kyrkja var ein viktig del av motivasjonen for at danskekongen Christian III omfamna Luthers reformasjon og innførte den nye læra i heile den dansk-norske staten i 1536–37. Trusskiftet vart mange stader gjennomført med tvang. Den katolske kyrkja sine eigedommar vart konfiskerte og overførte til kongen, og mange kyrkjer vart plyndra for gull, sølv og verdifulle kunstkattar. I Stavanger forsøkte biskop Hoskuld i det lengste å verna om kyrkja si stilling. Det enda med at han vart teken til fange og ført til Bergen. Der døydde han kort tid etter, det er uvisst om han vart drepen eller leid ein naturleg død.

Etter reformasjonen var det ingen tvil om kven som hadde makta. Det var kongen og hans statsapparat. Prestane vart statlege embetsmenn og fekk ei viktig rolle i å oppdra sokneborna både i den lutherske læra og til å bli lojale statsborgarar. Det gjorde dei forbausande effektivt, sjølv om katolske førestillingar levde lenge i folkedjupet. Saman med lensmannen og futen vart presten den fremste autoriteten i

lokalsamfunnet – ofte streng og nidkjær, iblant grådig og korrump, men også i mange tilfelle ein pådrivar for opplysning og utvikling. Dei såkalla «potetprestane», som ivra for nye vekstar og metodar i landbruket på 1700-talet og utover, berga mange menneske frå sveltedauden.

Stavanger hadde lenge ei viktig rolle i reformasjonsprosjektet, spesielt under den kraftfulle Jørgen Erikssøn, som var biskop frå 1571 til 1604. Han sette mellom anna i gang restaurering av den forfalne domkyrkja. Ein mørkare del av ettermælet hans er at han i 1584 tok initiativ til ei «trolldomslov» for Stavanger og Bergenhus len som ni år seinare vart gjort gjeldande for heile landet. Ved sida av Finnmark var Rogaland det fylket som hadde flest hekseprosessar. Mellom 12 og 14 kvinner vart brende på bål i Sandvigå mellom 1608 og 1694.

Etterfølgjarane til Jørgen Erikssøn kunne ikkje hindra at Stavanger i 1682 miste bispestolen til Kristiansand. Stavanger bispedømme vart ikkje gjenoppretta før i 1925.



Foto: Rogaland fylkeskommune

12. Mørketid og oppvakning

Fjellgården Kvitlen i Bjerkreim var fråflytta i fleire hundre år etter svartedauden.

1400- og 1500-talet blir gjerne omtala som ei mørk tid, der landet låg med knekt rygg etter Svartedauden og samanbrotet for den sjølvstendige norske staten. Stadig tilbakevendande epidemiar og «den vesle istida» med kaldare klima gjorde levevilkåra harde. Folketalet i Rogaland var i 1520 berre ein tredel så stort som i høgmellomalderen, først eit godt stykke ut på 1700-talet var det tilbake på nivået frå 400 år tidlegare.

Tidene var neppe like ille for alle. For dei bøndene som overlevde, vart det meir god jord å forsyna seg av, og lågare avgifter å betala til stormenn og kyrkje. Men handelen

og det åndelege livet låg nede, og impulsane frå dei store hendingane i Europa: oppfinninga av trykkekunsten, renessansen og dei store oppdagingane, går lenge Noreg forbi.

Utover på 1500-talet er det likevel som om landet vaknar til liv. Det utviklar seg små lærde miljø både i Oslo og Bergen, med forgreiningar til Rogaland. Ei av dei sterkaste stemmene i samtida var Peder Claussøn Friis, fødd i Eigersund og prest i Agder med nær tilknytting til domkapitlet i Stavanger. Friis omsette Snorres Heimskringla og ei rekke andre norrøne soger til den tids dansk, og var dermed med på å knyta band til det gamle norske riket på nytt.

Avfolking etter svartedauden

Region	Bruk i høgmellomalder	Bruk i 1520	Nedgang i prosent
Dalane	1275	223	83
Jæren	1100	390	65
Øyane i Ryfylke	325	176	46
Indre Ryfylke	1193	306	74
Karmsund	927	337	64
Rogaland	4823	1432	70

Kjelde: "Fra Vistehola til Ekofisk, bd. 1" (1987), s. 147.

Regionvis fordeling av talet på bruk for ulike regionar i fylket før og etter svartedauden, basert på rekonstruerte tal. Dei meir grøderike områda på øyane blei i mindre grad lagt aude.

Han skreiv også ei rekkje bøker om topografi, flora, fauna og folkeliv, blant andre «Noriggis Bescriffuelse» og «Stavanger Stifts Bescriffuelse». I ettertid har mange gjort eit nummer av å sitera hans karakteristikk av sitt heimlege Dalane med dei snauskrapa berga som «landet skapt av Guds vrede», men han gir eit frodig bilete av både land og folk.

Eit interessant frampeik er Friis sin omtale av at silda vart borte frå vestlandskysten på 1560-talet. Den strenge presten meiner ikkje uventa at dette er Guds straff for folkets synder. Blant desse var at dei hadde fiska opp meir sild enn dei kunne salta og selja, «oc lode dem ligge oc raadne».

Sjølv om kongemakta styrkte seg etter reformasjonen, var ho ikkje allmektig. Det var langt frå København til Rogaland.

Kongens representant var ein lensherre, seinare amtmann, og fylket var delt inn i to regionar (fogderi), Jæren/Dalane og Ryfylke, kvar med sin fogd (skatteinnkrevjar) og sorenskrivar. Dei 33 skipreida fungerte som forløparar for dagens kommunar. Dei hadde kvar sin lensmann og tingstove som var møtepunktet mellom bygdefolk og øvrigheit.

Foto: Rogaland fylkeskommune.



Nedstrand var eit viktig handelssenter og vart eigen tollstad i 1630. Tollboden i Nedstrand er bevart, og tømmeret er hogge i 1547. Tollboden er ein av dei eldste trebygningane i Rogaland.

Fakta

Byane i Rogaland

Under er ein tabell som viser når kvar by i Rogaland fekk status som by. Stavangers historie blir rekna til oppretting av bispesetet i 1125, medan dei andre byane i Rogaland kan reknast til når kongen gav dei status som ladestad eller kjøpstad. Med slik status følgde særlege privilegium for handel og næringsliv. Blant anna hadde Stavanger særlege handels- og fiskerettar i ein viss radius rundt byen. Fleire av desse rettane forsvann på 1800-talet, og

det er samtidig med at vi får stadig fleire ladestader i Rogaland. Status som kjøpstad og ladestad forsvann i 1952, då gjekk skiljet mellom bykommunar og landkommunar. Frå 1992 er det kommunen sjølv som gir bystatus, og det er ikkje skilje mellom by- og land-kommunar.

Dei fleste byane i Rogaland har og historie som tettstad, kyrkjestad, handelssenter eller andre sentrale funksjonar før dei fekk bystatus.

By	År	Historie
Stavanger	1125	Oppretting av bispestol. I 1425 fekk Stavanger byprivilegium.
Nedstrand	1630	Tollstad, fungerte som handelssenter og administrasjonssenter (Fogderi) for Ryfylke. Ikkje lenger by.
Sogndalstrand	1798	Ladestadsrettar. Ikkje lenger by.
Egersund	1798	Ladestadsrettar.
Haugesund	1854	Ladestadsrettar, kjøpstadsrettar i 1866.
Skudeneshavn	1857	Ladestadsrettar. Mista bystatus i 1965 og fekk bystatus på ny i 1996.
Sandnes	1860	Ladestadsrettar.
Kopervik	1866	Ladestadsrettar. Mista bystatus i 1965 og fekk bystatus på ny i 1996.
Jørpeland	1998	Bystatus.
Sauda	1999	Bystatus.
Bryne	2001	Bystatus.
Åkrehamn	2002	Bystatus.



13. Ny vekst i handel og sjøfart

Skrivargården foran i bildet er freda, og ein del av den verna empirbebyggelsen i Strandgaten i Egersund. Arkitekturstilen empire var viktig i Rogaland på 1800-talet, og i Egersund er det bevart mange hus frå denne tida.

Utover på 1600-talet blir det ny fart i handel og skipsfart. I Europa er Nederland blitt den store sjømakta, og fleire unge rogalendingar reiser dit for å bli sjøfolk eller arbeida i hamnebyane. Andre reiser med nederlandske skip til Ny Amsterdam (New York). Nokre av emigrantane vender tilbake til Rogaland og Noreg med ny kunnskap og nye kontaktar, som særleg gav seg utslag innanfor handel og handverk.

Ein kraftig auke i eksporten av tømmer var blant dei første utslaga av den nye opninga mot Europa. Den vart også stimulert av den nye oppfinninga, oppgangssaga, som gjorde det mogleg å driva små sagbruk. Frå Rogaland og Agder gjekk skuter med trelast, særleg eik, til Nederland og Skottland. Det er sagt at Amsterdam er bygt på norske eikepålar. I Rogaland var det særleg det skogrike Ryfylke som fekk glede av «skottehandelen» i første

del av 1600-talet. Ein stor del av tømmeret vart skipa ut frå Nedstrand, «byen i Ryfylke». I 1619 skal det ha vore heile 183 frakteskuter innom her, og i 1630 fekk Nedstrand offisiell status som tollstad. Skogane vart raskt hogde ut, og tømmereksporten dabba av etter nokre tiår, men handelen med andre varer, mellom anna stein, heldt fram.

Litt seinare, på 1700-talet, vart det ei framgangstid for strandstadene Sogndalstrand og Egersund sør i fylket. Grunnlaget for veksten var den utrygge skipstrafikken utanfor Rogaland. Mange skip kom i havsnaud og søkte hamn for hjelp. Både i Egersund og Sogndalstrand vart det bygd reparasjonsverft, såkalla «bradbenker», som gav gode inntekter. I tillegg dreiv dei ein lukrativ kystfart mellom Bergen og Sør- og Austlandet. Begge stadene fekk status som «ladested» i 1798, til motstand frå Stavanger, som dermed ikkje lenger var den einaste byen i fylket. Men då dei miste kysttrafikken, fekk dei store problem. Sogndalstrand kom i bakleksa, medan Egersund kom på fote att utover på 1800-talet.

Hummar var ei delikatess også før i tida, og frå stader som Bokn, Sjernarøy, Karmøy, Kvitsøy, Tananger og Vatnamot ved Sirevåg vart det frå 1600-talet av eksportert store kvantum av «havets kardinal» til Nederland og England. Etter kvart kom også eksporten av sild og annan fisk i gang, og det var ei næring som skulle få langt meir å seia for utviklinga av Rogalands-samfunnet i tida som kom. Men også i jordbruket var ei ny tid i emning.

Fakta

Sagbruk og tømmereksport


I øydetida etter 1349 og fram til fyrst på 1500-talet, fekk skogane i Ryfylke langt på veg stå i fred. I fyrste rekkje var det bjørk og fure, men også mykje or, ask, osp og eik sto frodige langs alle Ryfylkefjordane frå Lysefjorden i søraust til Skjoldafjorden i nordvest.

Truleg kan det ha vore fleire sager midt på 1500-talet sjølv om det berre vert nemnd ei, i Søndena fossen i Sauda, i 1563. Men etterspurnaden etter bord var stigande sist på 1500-talet, og i 1604 vart det registrert 64 sager. Aktiviteten auka på, og i 1621 vart det nemnd 83 sager!

Delar av skogen tok nå til verta uthogd. Det førde utover på 1600-talet til ein reduksjon i talet på sager til berre femten – tjue dei siste par tiåra.

Toppåret for trelasteksport var 1619–20 då 183 fartøy vart klarerte. Tyngda av eksporten gjekk då med hollandske, frisiske og tyske skuter. Men frå midt i 1630-åra tok dei skotske skutene over og dominert totalt resten av hundreåret. I den mest aktive perioden, tok mest alle bøndene del i trelasthandelen. For bøndene i fjordane var arbeidet i skogen ei like viktig attåtnæring som fiske var for bøndene på Nord-Jæren, Ryfylkeøyane og i Karmsunddistriktet.

I alt finn me namnet på ikring 145 sager i Stavanger amt på 1500 og 1600 talet. Dei fleste og største var konsentrerte i Vindafjorden, Jelsafjorden, Sandsfjorden, Hylsfjorden og Saudafjorden. I Dalane var det langt færre sager, men desse spelte ei tilsvarende rolle i den regionen som dei ikring 135 sagene i Ryfylke spelte i sin region. Alle sagene var aldri i bruk på ein gong. I tillegg var det mange sager i gamle Ølen kommune, som ikkje er markert i kartet.



Fakta

Kulturminne i sjø og vassdrag

I sjø og vassdrag i Rogaland finn vi ulike typar kulturminne frå fleire periodar.

Undervassarkeologien er eit ungt tilskot til arkeologifamilien, og det var fyrst etter oppfinninga av SCUBA-apparatet at liv, landskap og kulturmiljø under vatn vart allemannseige på 1950- og 1960-talet. I dei fyrste 50 åra var det primært fokus på skipsvrak – så også i Rogaland. Den andre undervassarkeologiske utgravinga i Norge fann stad på Kvitsøy i 1969 – då vart vraket av skipet Stadt Haarlem, som sokk i 1677 – undersøkt. Skipet kom seglande frå Nederland med ei last som bestod av keramikk, salt og sild. På veg til Austersjøen vart det uver og skipet sokk eit stykke sør for Ydstebøhavn.

Frå 1990-talet av og framover har det skjedd ei betydeleg utvikling innan marinarkeologiske metodar. På Avaldsnes har ein funne ei stor og særdeles godt bevart middelalderhamn like nedanfor Olavskyrkja og Harald Hårfagre sin kongsgard. Her er det svært gode bevarings- forhold, på grunn av mjuk botn og stor sedimentasjon. Funna gir unik innsikt i aktivitet og kontaktnettverk på land. Ut frå funn her, har ein kunna stadfeste at Hanseatane sitt første norske handelskontor låg på Avaldsnes.

Innanlandsfiske etter laks har vore ein kjent aktivitet lenge, og rettar til å fiske er blant anna omtala i dei eldste lovene våre. Fisket har vore så viktig at det har gjeve overskot og rikdom til gardane som ligg ved dei beste fiskeplassane rundt elvemunningane. Eit godt bilde på verdien av fisket er at kyrkja sikra seg rettane til mange av desse gardene i mellomalderen. I dei seinare åra har kartlegging av fiskefeller i blant anna Figgjo-vassdraget vist at også ålefiske har gått føre seg i eit stort omfang. Det må ha vore ein høgt skatta og utnytta ressurs, som i dag stort sett er gløymt. Frå skriftlege kjelder veit me at fisketradisjonen med feller i vassdrag går tilbake til mellomalderen – men vi har ingen daterte funn i samheng med dette. Dersom ein legg til grunn at det har vore kontinuerleg busetjing av stort omfang fleire stader i Rogaland som går tilbake til yngre steinalder, så er det ikkje urimeleg å anta at eit slikt rikt fiske også har vore utnytta tidlegare.

I deler av eldre steinalder sto vatnet lågare enn i dag. Når vatnet steig, må strandbundne buplassar ha blitt oversumde, men nokre stader også bevarte. Så langt har det dukka opp fleire spektakulære einskildfunn frå dette drukna landskapet i Norge – men den store bevarte buplassflata som gir oss ny og unik innsikt i steinaldermenneska sine liv og kvardag – har så langt unnsloppe dykkarar og arkeologar.




Foto Terje Olsen, Norsk Maritimt Museum.

Foto som viser bevarte vrakrester av Stadt Haarlem som vart utgravd i Norges andre undervassarkeologiske utgraving i 1969.

Foto: Terje Tveit, Arkeologisk Museum.



Siegburg steingods frå 13-1400 talet som er funne i middelalderhamna på Avaldsnes. Funna i hamna vitnar om utstrakt handel, og Siegburg steingods er synonymt med hanseatar. Gjenstandane er del av samlinga til Stavanger maritime museum.



Foto: Rogaland fylkeskommune

14. Eit nytt Rogaland blir til

Gamal og ny tid møtes i Vågen, Stavanger.

Folketeljninga i 1801 viste at det budde 41 557 personar i Rogaland. Det utgjorde 4,7 prosent av folketalet i Noreg mot 8,5 prosent i 2000. Dei aller fleste av desse budde i landkommunane, mindre enn 10 prosent budde i dei få byane og tettstadene. Fram til 1900 kom dette til å endra seg sterkt, noko som kom til å omforma bygdene og forma dei byane og tettstadene me kjenner i dag. I løpet av desse 100 åra endra og tyngdepunktet seg mellom dei fire regionane i fylket. Det skapte eit hamskifte for bygdene, men i like stor grad og for dei mange tusen som flytta frå bygdene til byane for å skapa seg eit nytt tilvære der. Gamle kulturmiljø endra seg og nye blei skapt, det fekk og stor innverknad på den immaterielle kulturen.

Mange faktorar verka saman og skapte desse endringane som og gjorde at folk i Rogaland i langt høgare grad og blei ein del av globale utviklingstrekk. Næringsliv og kultur hadde lokale føresetnader, men desse henta og impulsar utanfrå og me blei i langt høgare grad deltakarar i internasjonalt varebyte og kulturutveksling. Sildefiske, seilskutefart og omleggingane i landbruket var dei viktigaste faktorane i denne omforminga av Rogaland. Dette var og ei utvikling som gjorde ein meir sårbar for nasjonale og internasjonale endringar. Statistikken fortel at folketalet i Rogaland blei dobla frå 1835 til 1891. Det tala ikkje fortel er at mange og såg seg tvungne til å utvandra, spesielt i åra etter 1860. Dei flytte med seg kulturminne til den andre sida av Atlanterhavet, men samstundes skapte oppbrotet også kulturminne som blei verande att som forteljingar om det og dei som hadde vore.

Folketallet i Stavanger amt 1825–1891

Årstall	Folketal	Andel i byar og ladestader (i prosent)	Andel på bygda (i prosent)
1825	57 464	8,30	91,70
1835	67 674	9,30	90,70
1845	78 210	13,10	86,90
1855	91 539	16,20	83,80
1865	104 868	23,60	76,40
1875	114 164	27,60	72,40
1891	117 008	31,50	68,50

Kjelde: Rogaland fylkeskommunes historie bd. 1, side 105

15. Det store hamskiftet



Kulturlandskap på Hodne og Reve i Klepp.

Hausten 1810 reiste løytnant P.P. Flor over Jæren. I rapporten han skreiv til oppdrags-givaren, Det Kongelige Selskab for Norges Vel, peika han på dei enorme mengdene av stein som låg i jorda på Jæren. Her måtte det gjerast eit stort ryddingsarbeid før ein kunne setja plog i jorda, men det kom neppe til å skje, sidan «Bonden ingen Lyst har til at gjøre Forsøg, anseende det for et Arbeide, som var umuligt, og langt vilde overstige hans Kræfter».

Nå kan ein sikkert skriva litt av denne pessimismen på embetsmannsarrogansens konto. Det seiest om jærbonden at han spadde jorda og fekk fleire avlingar i året av di klimaet var så mildt. Jæren, til liks med øyane i Boknafjorden og Karmsund-området, hadde heilt sidan vikingtida produsert mykje meir korn enn dei trong til eige bruk. Det vart eksportert til andre delar av landet, til dømes den store gruvebyen Kongsberg, som på 1700-talet var den nest største i landet etter Bergen. Så kan hende såg embetsmannen ikkje heile saga. Biletet vårt av den «driftige jærbuen» og Jæren som det fremste og mest produktive jordbruksområdet i landet er likevel av ganske ny dato, det høyrer til modernismen og det industrialiserte samfunnet.


Tidleg på 1800-talet var mesteparten av Jæren brun lynghei og myr, slik me kan sjå det på bileta til Kitty Kielland og andre jærmålarar. Den dyrka jorda låg som små gule og grøne flekkar ved dei flate jærhusa som dukka seg for den sure nordvesten. Og som løytnanten observerte, var det fullt av stein.

Jorda på Nord-Jæren og øyane i Ryfylke, med dei lausare bergartane, var lettare å arbeida med. Indre Ryfylke og Dalane hadde mindre dyrkingsjord, men til gjengjeld andre fortrinn, som lunt klima, skog og fjell som tilbaud jakt og fangst som attåttnæringar, og gode fjellbeite for kyr og sauer. Frukt, bær og nøtter hadde frå gammalt av gitt eit visst tilskot til næringsgrunnlaget for bøndene i desse delane av fylket, og fruktdyrking vart etter kvart ei stor næring i Ryfylke.

Men det var Jæren som hadde potensial for å driva landbruk i stor skala. Og det skulle endra både natur og samfunn radikalt det neste hundreåret. Steinete jord vart rydda, myrar drenerte og vatn tappa ut til fordel for dyrka mark. Jæren skifta farge frå brunt til grønt. På denne tida tok ein også til å planta skog, som gjorde det nakne og forblåste landskapet lunare. I dag må me til det verna heielandskapet rundt Synesvarden for å sjå korleis mest heile Jæren såg ut for 200 år sidan.

Oppdyrkinga og omskapinga av Jæren hadde fire ytre føresetnader. Den første var politisk. I 1821 vart den første utskiftingslova vedteken. Frå å driva jorda i fellesskap med teigblanding fekk bøndene nå klare, faste grenser for eigedommane, som i mangel av trevirke vart markerte av det jærske ikonet framfor alle: steingardane. Dei gamle klyngetuna vart erstatta av enkeltstående lør og våningshus.

Gjennomsnittlig kornproduksjon per bonde i 1723



Gjennomsnittlig kornproduksjon per bonde i Rogaland før det store hamskiftet, utarbeida etter matrikkelen av 1723 av Birger Lindanger. I Nord-Jæren produserte ein bonde i snitt 33,6 tønner korn, på Boknafjordøyene 33,3 tønner korn, desse to var dei mest fruktbare områda. I Dalane produserte kvar bonde i snitt 13,3 tønner korn, i Sauda og Suldal 11,7 tønner. Bøndene på øyene og Ryfylke produserte tre gonger meir korn i snitt enn bøndene i Dalane, Sauda og Suldal. I Haugesund, Tysvær, Bokn og Karmøy produserte kvar bonde i snitt 17,3 tønner korn, i Fjordbygdene i Ryfylke og Vindafjord produserte kvar bonde 21,9 tønner korn, og på Sør-Jæren produserte kvar bonde 25 tønner korn i snitt. Desse regionvise skilnadane går tilbake til mellomalderen eller lenger. Ei tønne korn er 139,6 liter og tilsvarer 61,6 kg havrekorn.

For det andre slo den tids globalisering inn over landet. Billeg korn frå Austersjø-landa og seinare frå den amerikanske prærien gjorde korndyrking i Noreg mindre lønsamt, særleg i eit marginalt kornområde som Jæren. Til gjengjeld førte den raske byveksten og utbygginga av samferdsla, særleg Jærbanen i 1878, til at det opna seg ein større marknad for husdyrprodukt – mjølk, ost, kjøt og egg – både i nærområdet

og i andre delar av landet, og jamvel for eksport. Jæren gjekk frå åkerland til grasland. Og endeleg kom det teknologiske nyvinningar, framfor alt steinbukk og dynamitt, som gjorde ryddinga av den jærske morenejorda lettare. Plog erstatta spade og ard, og etter kvart vart det introdusert mange andre nye reiskapar og metodar som auka effektiviteten i gardsarbeidet. Også produktiviteten i



Foto: Arkeologisk museum, UIS

Alvedans er nemning på ein type kulturminne som først og fremst er kjent frå Jæren. Dei er spor etter stakkeplassar der det er blitt lagra høyr og dei ligg helst i tilknytning til utmark. Dei teiknar seg som ovale, runde eller firkanta fordjupningar og forhøgingar i landskapet. Grøftene er gravne for drenering slik at høyrstakkane skulle halda seg mest mogleg tørre i vintermånadene. Nemninga "alvedans" kjem av at desse stakketuftane i folketrua vart sett på som stader der alvane dansa nattetid. Alvedansane si brukstid går heilt tilbake til jernalderen, men har vore i bruk i heile det førmoderne jordbruket.

husdyrhaldet voks kraftig. Frå 1830 til 1900 vart gjennomsnittleg mjølkemengd per ku firedobla, frå 500 til 2000 liter i året.

Til saman førte dette til det me kallar «det store hamskiftet» i landbruket på 1800-talet, ei omlegging frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk for ein marknad. Det var både ei teknisk, økonomisk og mental omstilling. Bonden måtte tenkja meir som ein næringsdrivande, og då handla det om effektivisering, stordrift, kommersialisering og satsing på det som lønte seg best. Etter kvart vart det etablert landbruksutdanning, rådgivingsteneste og faglag som sytte for at kunnskap om nye driftsmåtar vart spreidd og teken i bruk.

I denne omstillinga tok Jæren ei leiande rolle. Årsakene er nok samansette, men ei av forklaringane er at dei sosiale forskjellane på landsbygda på Jæren og i Rogaland var relativt små. Eit bondesamfunn «av jamlikar», for å sitera jordbrukshistorikaren Stein Tveite, la betre til rette for personleg innsats og kunnskapsutveksling enn tilfellet var på Austlandet, med storgardar som i større grad baserte drifta på billeg arbeidskraft

frå husmenn og landarbeidarar. Lokale føregangsmenn, særleg Jan Adolph Budde og landbruksskulen på Austrått(1846–1876) dreiv kunnskapsutvikling og formidling. Budde var ikkje berre sentral i oppbygginga av den norske landbruksundervisninga med fokus på moderne landbruksmetodar. Han bidrog og til etablering av landbruksrelatert industri som redskapsproduksjon og havremølleindustri, som etter kvart blei sentrale næringsgreiner på Jæren. Budde sto og bak dei fyrste store dreneringsprosjekta på Jæren og var ikkje minst sentral i forhold til den såkalla «skogreisingsaken». Budde tok på midten av 1850-talet til med både planteskoledrift og plantefelt. Desse initiativa kan sjåast som forløyperar til dei store statlege initiativa knytta til reetableringa av dei utarma skogane på bl.a. Jæren. Budde var saman med bl.a. Hans Andreas Tandberg Gløersen initiativtakar til Statens Planteskule på Sandve i 1867. Gløersen sto også bak det store statlege plantefeltet Høylandskomplekset, som etter ein stor skogbrann i 1970 ble omdanna til Rogaland Arboret i 1972. Skogsaka og dei initiativa den førte til, kan med rette sjåast som Norge si første store klimasak.

Fakta

Den historiske garden frå kring 800 til på 1800-talet

Frå klyngetun til einskildtun

Eit gjennomsnitts bruk hadde frå gammalt av seks – sju bygningar som for det meste låg tett saman i eit klyngetun i lag med andre bruk på matrikkelgarden. Den opphavlege garden blei gradvis delt opp i fleire gardsbruk gjennom fleire hundre år.

Det vanlege var to-tre bruk, men dei største gardane kunne ha seks-sju bruk. Gardsområdet var delt mellom tun, åker, eng og utmark. Arv og oppdeling av gardane førte til svært kompliserte grenser i innmarka (teigblanding), utmarka vart driven i fellesskap.

Drifta var komplisert og difor var rogalingane dei som i størst utstrekning gjorde seg nytte av utskiftingslova i 1821. Lova var i fyrste rekkje retta mot utskifting av innmarka. Sidan kom det ei ny utskiftingslov i 1957, denne var retta mot utmarka. Resultatet var spreiding av den historiske garden med spreidde bruk/tun og ei betre utnytting av området. Nokre stader i Rogaland er klyngetuna bevarte, men utan teigblanding.



Foto: Widenøe Flyseilskap AS

Klyngetunet på Syre på Karmøy.

Fakta

Bygg og byggeskikk på garden

Frå mellomalderen og fram til 1800-talet bestod eit gardstun av stovehus, bur, eldhus, fjøs, stall, løe og sauehus. Mange gardar hadde smie, kvern og naust samt ein eller fleire stølar, med eigne stover, fjøs og løer.

Frå midten av 1800-talet endra gardsbygga karakter. Frå å ha mange små bygg gjekk bøndene over til å bygge samanbygde driftsbygningar med fjøs og løe i eitt. I det industrielle jordbruket forsvann også bruken av kvernhus, smie og stall. Med mindre utmarksbruk og stølsdrift forsvann også utløer og stølar. Utviklinga dei siste hundre åra går mot ein meir einskapleg nasjonal byggeskikk og færre bruk med meir intensiv produksjon, samt større driftsbygningar.

Byggeskikken på gardane og bygdene i Rogaland føyer seg inn i ein større vestlandsk og nordeuropeisk tradisjon. I vestnorsk og kystnær byggeskikk er våningshusa lafta og driftsbygga

stavbygde. Grindbygget (stavbygget) går her inn i ein meir enn 3500 år gammal samanhengande bygningstradisjon, som heldt seg heilt fram til moderne tid. Stove/våningshus hadde treromsplanar av laftetømmer.

I mellomalderen var det vanleg med åre, seinare erstatta av røykomn, og røyken steig ut av eit hol i taket. På 1600-talet blei jernomn og peis meir vanleg og stovene fekk loft/lem og skorstein. Frå då av var midtgangshuset (eller lemstova) utbreidd. Stover i to etasjar blei mogleg, og desse finn vi i ladestader og byar. Jærhuset er eit døme på regional tilpassing; eit samansett hus av stove og bu, særleg tilpassa landskapet og klimaet på Jæren. Nausta i Ryfylke kan vere av laft eller grindverk, mot kysten av grindverk og stein eller berre stein. Andre lokale forskjellar kan ein sjå i taktekking, kledning og i til dømes kor tømmeret kjem frå. Slikt gjev lokale variasjonar på grunn av klima, material og ressurstilgang.



16. Landbruksindustrien veks fram

Det første meieriet på Jæren vart starta på Køhler-garden på Nesheim i Nærbø i 1854.

Neste steg i landbruksmoderniseringa var spesialiserte bedrifter som tok seg av funksjonane som tidlegare vart utførte på den enkelte garden: slakteri, meieri, ysteri og ullvarefabrikkar. Det første meieriet på Jæren vart starta på Køhler-garden på Nesheim i Nærbø i 1854. Før hundreåret var omme, hadde det fått følgje av 11 til berre i Jærregionen, og offisielle tal frå 1926 viser at det då var heile 37 meieri i fylket.

På Ålgård grunnla haugianaren Ole Nielsen frå Hjelmeland Aalgaards Uldvarefabrik i 1870. Den var strategisk plassert med kraft frå det lokale fossefallet og med kort avstand til dei store sauedistrikta i det indre av fylket. Fabrikken ekspanderte, og aksen Gjesdal-Sandnes vart etter kvart sentrum for ein sterk ullvareindustri.

Ei viktig landbruksbasert bedrift i Ryfylke var Tou Mølle, etablert i 1855. Her vart det produsert øl og mjøl, men bryggeriverksemda vart flytta til Stavanger i 1901. Sandnes og Høyland satsa på ein annan kornbasert spesialitet, nemleg havremøller. I 1945 låg 14 av dei 18 havregrynsmøllene i landet i Rogaland, dei fleste innanfor grensene av det som i dag er Sandnes kommune. Nå er berre Stangeland Mølle igjen, og den har flytta produksjonen til Skurve i Gjesdal.

Mange av dei nye foredlingsverksemdene i landbruket vart organiserte som samvirkebedrifter, der bøndene sjølve stod som eigarar og fekk del i overskotet. Lokale sparebankar sytte for at inntektene frå den aukande økonomiske aktiviteten vart verande i lokalsamfunnet og styrte inn i nye investeringar. Slik gjekk utviklinga hand i hand med det demokratiske gjennombrøtet i andre halvår av 1800-talet.

Billettekst føregåande side: Foto frå Ålgård i 1962, med blant anna Veveriet (1898) og Storahuset (1884).



Foto: Jærmuseet

Krossens havremølle er ei havregrynsmølle frå 1912 der maskineriet står som det gjorde då produksjonen opphøyrt i 1988. Mølla er i dag ein del av Jærmuseet, og Vitenfabrikken er bygd på same tomt.

For å effektivisera gardsdrifta trongst det betre reiskapar. Frå ei smie på Kvernaland bygde O.G. Kverneland opp ein plogfabrikk som ennå i dag er blant dei leiande på verdsmarknaden. Han og andre gründerar, som Andreas H. Serigstad og

F.A. Underhaug, skapte ei jærsk industriklynge som gjennom mange omstillingar framleis representerer noko av det beste av rogalandsk og norsk industrikultur.



17. Sild og skip

Fra Haugesund rundt 1898.

«Vinden er nordvest – silden er kommet!»

Ropet frå vektaren får heile Stavanger på beina, sjølv om det er svarte natta. I romanen «Skipper Worse» skildrar Alexander Kielland korleis kjøpmenn, bøkkerar, saltarar og ganejenter strøymde til for å få sin del av rikdommen frå havets sølv. Silda gav Stavanger og Rogaland vekst og velstand. Før silda kom tilbake til rogalandskysten i 1808, budde det rundt 2500 menneske i Stavanger. På vel 70 år vart folketalet tidobla.

Også dei andre kystbyane i Rogaland – Egersund, Sogndalstrand, Skudeneshavn og Kopervik, fekk del i dei gylne sildetidene. Ved Karmsundet vaks det fram ein ny by, Haugesund, «bygd på sildebein og sjøfart» og med bystatus frå 1854. Sildefisket gav store ringverknader i form av nye arbeidsplassar i sildeolje- og fiskemjølfabrikkar, tønnefabrikkar, produksjon av garn og andre fiskereiskapar med meir.

Men silda var ein trulaus ven. Sildestimane kunne brått finna på å gå inn på andre delar av kysten. Veksten i talet på båtar og effektiviseringa av fangstmetodane var også med på å leggja press på bestandane. Frå 1870 var silda borte i eit par tiår. Samstundes kan behovet for å tenkja omstilling også ha stimulert til å skaffa seg fleire bein å stå på. Båtar kunne riggast for sildefiske i sesongen, men setjast inn i fraktfart elles i året. Rogalandske fiskarar drog etter kvart også over lengre avstandar etter sild og annan fisk. Også kvalfangsten fekk ein del å seia i denne perioden, særleg for Haugesund.

Størstedelen av silda vart salta eller tørka og eksportert, mest til austersjøhamnene

i Tyskland, Russland og England. Dermed skapte sildetransporten vekst også for skipsfartsnæringa i Rogalands-byane.

Skipsreiarane avgrensa seg på ingen måte til sild og annan fisk. Skuter frå Rogaland frakta varer på alle hav. Svært mange unggutar frå kystbyane fekk erfaring med sjølivet. Etter kvart vart også skipsbygging ei stor næring, både i byar som Stavanger og Haugesund, men også i mange viker og vågar inn i fjordane som Hogganvik i Vindafjord. Overgangen frå seglskuter av tre til moderne stålskip var likevel vanskeleg for dei små bygdeverfta. Då kravdest det heilt andre fasilitetar, og det meste av skipsbygginga føregjekk heretter i dei større byane.

Men også i skipsfarten veksla konjunkturane. Og det gjaldt å forstå si samtid og dei teknologiske endringane. På 1880-talet opplevde Stavanger ein økonomisk depresjon utan sidestykke. Store handelshus gjekk over ende. Reiarane vart straffa for at dei ikkje i tide hadde gått over frå segl til damp.

Haugesundarane var meir omstillingsdyktige, mellom anna fordi dei tidleg gjekk over frå salting til ising av sild for eksport. Dermed trongst det raskare skip for å få silda fram før ho vart bederva, og det påskunda overgangen til damp og seinare til brennstoffmotorar. Haugesund tok over hegemoniet som leiande sjøfartsby i fylket og heldt den posisjonen til rundt 1960. Knutsen, Stolt Nielsen, Wrangell, og andre haugesundske reiarlag hadde på det meste tre gonger så stor tonnasje som Stavanger.



Kolbeinsen-sjøhusa på Risøy i Haugesund utgjør ei komplett sjøhusrekke med 6 sjøhus frå ulike tider. K. Kolbeinsen AS dreiv sildesalting og eksport herfrå det meste av 1900-talet. Anlegget var det siste av dei gamle sjøhusanlegga i Haugesund med aktiv sildeverksemd som var i drift heilt fram til 1990. Midt i rekka ligg det eldste av sjøhusa som er bygd rundt 1844. Dette representerer dei eldste sjøhusa i Haugesund med langsida mot sjøen. Lengst sør ligg eit sjøhus for sildetilverknad frå 1950-talet. Sjøhusrekka ber slik med seg mykje av Haugesund si mangfaldige sildehistorie frå start til slutt.

Fakta

Fartøyvern

Gjennom historia har vi levd ved og av havet. Båten har ei heilt sentral rolle i korleis vi har brukt havet og utvikla samfunnet. Båten knyter folk og samfunn saman, han gir moglegheit for å hausta av ressursane i havet, og han gjer det mogleg å drive med handel og transport. Rogaland er eit kystfylke med ei rik maritim historie, der ulike typar fartøy og båtar har verka gjennom skiftande tider. For å forstå historia vår er det viktig å bevare eit representativt utval av den flytande kulturarven. Innanfor kulturminneforvaltninga har det derfor frå midten av 1980-talet vorte etablert eit eige fagfelt som heiter fartøyvern. Målsetjinga er å gi eit mangfald fartøy vernestatus og moglegheit for offentleg

tilskot i vernearbeidet, slik at dei framleis kan vere i aktiv bruk. I 2023 har om lag 295 fartøy vernestatus i Noreg, og 41 av desse er i Rogaland. Denne verneflåten består av ulike typar fiskefartøy, passasjer-fartøy, fraktefartøy, spesial-fartøy og fritidsfartøy. Han er ei kjelde til kunnskap om kystens historie og oppleving av levande kystkultur.

Fartøyvernet inkluderer både store fartøy med dekk og små opne båtar, men tyngda har fram til no lege på fartøy som er store og særleg utfordrande å ta vare på. For betre å kunna integrere dei små opne båtane i vernearbeidet og forvaltninga, har Riksantikvaren sett i gang utarbeidinga av ein eigen verneplan for dette feltet.



Foto: Ingvor Kristensen

“Brødrene af Sand” utenfor Tananger 2022. Båten er ein typisk representant for dei mindre fraktefartøya som seilte med varer langs hele norskekysten og store delar av kontinentet.




Foto: Waldemar Eide, Norsk hermetikkunstmuseum

18. Brisling på boks

Kvinner i arbeid i hermetikkindustrien i Stavanger.

Sjøhusa i Stavanger, på Karmøy og i Haugesund var talande uttrykk for det store omfanget som sildesalting og sildeeksport hadde fram til 1870-talet. Då silda forsvann, i siste halvdel av 1800-talet, blei mange av sjøhusa ståande tomme mens arbeidsfolk og gründerar søkte etter ny verksemd som kunne fylla dei med innhald. Alt i byrjinga av 1880-talet finn ein starten på den nye næringa som skulle bidra til i omforma Stavanger og fleire andre byar til industristader. Grunnlaget var brislingen frå Ryfylke-fjordane som blei ressursgrunnlaget for hermetikkindustrien. Fram til 1920 blei det starta 70 hermetikkfabrikkar i Stavanger. Saman med fabrikkane i Haugesund, Kopervik og Sandnes sto desse for meir enn 70 prosent av den norske hermetikkeksporten.

Næringen var arbeidsintensiv, men og søkande etter nye teknologiske løysingar som kunne effektivisera produksjonen. Det same gjaldt og for mengda av innsatsvarer som skulle til for å produsera dei ferdige boksane. Nærare 90 prosent av sardinhermetikken gjekk til eksport noko som kravde kompetanse i internasjonal handel og marknadsføring. Alle desse faktorane bidrog til å vitalisera næringslivet i regionen, og Stavanger vart ein av dei leiande

hermetikkbyane i Europa. Grovt rekna henta ein tredjedel av dei sysselsette lønna si frå hermetikkindustrien og støttenæringane til denne.

Starten for industrien var i ombygde sjøhus, mange av desse heldt ein fram med å bruka heilt til 1960-talet. Moderniseringa av maskinar og utstyr, og ønske om meir effektiv produksjon, gjorde at det blei bygd ei rad med nye fabrikkar, alle med dei karakteristiske høge pipene. Denne arkitektoniske omforminga av byen starta i sentrum kor sjøhus blei rivne og erstatta av murbygg. Sterkast kom fabrikkbygga til å prega områda aust i byen kor det utvikla seg unike kulturmiljø med fabrikkar, forretningar og bolighus som låg vegg i vegg.

Legging av brisling i hermetikkfabrikkane var kvinnearbeid. Lønna var låg, og fabrikklokala var ofte kalde og helseskadelege. Kvinnene utgjorde heile 70 prosent av lønnsinntakarane i denne industrien i 1909, og Stavanger var dermed ein av dei norske byane med størst kvinneinnslag i arbeidarklassen. I den grafiske industrien og metallindustrien som var tilknytta hermetikken rådde derimot mennene grunnen.



Flyfoto av Stavanger øst i 1952. Då var hermetikkindustrien i full gang, og det var mange små og store industrianlegg.



19. Allsidig industri

Fire av Graverens teglverk fotografert av Normanns kunstforlag. Biletet må ha vore teke før brannen i Verk nr. 4 i 1956. I dag er det kun ei fabrikkpipe igjen i Sandnes, Kamgarns på Kulturhuset, men denne står ikkje lenger i si fulle høgde.

Skipsfartsnæringa i Stavanger skulle likevel reisa seg igjen etter krakket i 1880-åra. Fremste drivkrafta var den unge Sigval Bergesen, som i 1887 starta eit reiarlag som snart vart byens største. Bergesen vart også stortingsmann og ein sentral regional strateg. I 1942 tok han over Rosenberg Verft, som på 1960-talet skulle sjøsetja dei største tankbåtane verda til då hadde sett for etterfølgjaren Sigval Bergesen d.y.

Sjølv om maritim industri og landbruksindustri dominerte i Rogalands-industrien, var det også andre viktige greiner som gjorde Rogaland til eit allsidig industrifylke. Sandnes, som fekk bystatus i 1860, hadde lange tradisjonar som teglsteinsby. Jordsmonnet låg godt til rette «innerst ved Gandsfjordens leirede strand», som det heiter i bysongen. Den første teglsteinsbedrifta som dreiv i industriell skala, «Gamlaverket», vart etablert i 1784, og utover 1800-talet kom det fleire.

Næringshistoria til Sandnes omfatter i det heile eit stort mangfold. Eit av dei tydelegaste eksempla på dette mangfoldet finn me i forretningsimperiet til Øglændfamilien. Frå småskala bondehandel i Krossen blei bedrifta utvikla til å bli ein av Sandnes (og Norges) største. Jonas Øglænd dreiv i andre halvdel av 1800-tallet, inspirert av landbruksreformatoren J. A. Budde, tidleg handel med kraftfor og kunstgjødsel. Seinare utvikla sønene Jakob og Lars Øglænd sin sykkelverkstad til å bli Jonas Øglænds sykkelfabrikk. Denne fabrikk

levarte på 50-tallet 90 prosent av dei syklane som blei solgt i Norge, og den blei etter kvart og marknadssdominerande på mopedar og motorsyklar. Parallelt med dette etablerte familien og Jonas Øglænds konfeksjonsfabrikk, som utvikla seg til ein av landets (og Skandinavias) største i sitt slag. Øglænd har og gjort det stort innan industriprodukt til bl.a. maritim bruk gjennom firmaet Øglænd system.

Egersund fekk sin fajansefabrikk alt i 1847. I Lund var det ein sterk lokal treindustri. Gruvedrift vart forsøkt starta opp enkelte stader i fylket alt på 1700-talet, og midt på 1800-talet utvikla det seg ein regelrett «skjerpefeber», med alt frå sinkgruver i Sauda og kopargruver i Garborgåsen i Time til pukkverk på Borgøy i Tysvær. Få av tiltaka var i drift lenger enn 10–20 år.

Gruvene på Karmøy og i Sokndal var dei største og mest lønsame. Gruvene på Visnes på Karmøy fekk æra av å levera kopar til Fridomsstatuen i New York, og var i drift mellom 1865–1972. På Visnes budde det på det meste 3000 innbyggjarar. I Sokndal tok dei til å utvinna titanholdig jernmalm i Blåfjell i 1863. Malmen vart frakta til Rekefjord på den første jernbanen i Rogaland. Aktiviteten i Blåfjell tok slutt etter kort tid, men gruveindustrien i Sokndal vart seinare ført vidare i langt større stil av selskapet Titania, etablert i 1916, først på Sandbekk og seinare på Tellnes. I både Sokndal og Visnes er det bevart mange kulturminne frå dei ulike generasjonane gruver.

I byrjinga av 1900-talet byrja utbygginga av kraftstasjonar for å kunna levera elektrisk straum til bygd og by. Dette var store naturinngrep med dammar, røygater og store, ofte forseggjorte kraftstasjonar. Dei fleste av dei tidlege installasjonane ligg her framleis. Mange er gått ut av bruk og er kulturminne som kan gje grunnlag for alternativ bruk.

Den rikelege tilgangen på straum ga og grunnlag for å etablera kraftkrevjande industri som i stor grad kom til å prega heile lokalsamfunn. Kraftutbygginga ga ikkje berre straum. Dette ser ein tydelegast i Sauda kor Åbøbyen var ein eigen by som veks fram kring smelteverket. I Kjartan Fløgstad sine bøker finn ein levande skildringar av dette arbeidsmiljøet og den særeigne kulturen det ga grunnlag for. Sentralt i denne arbeidarkulturen sto Folkets Hus som blei samlingsstaden for den fagleg-politiske debatten og kampen. Folkets Hus blei og arenaen kor ein kunne samlast for å oppleve lokale revyar, dans og gjestande artistar. Fleire stader i fylket finn ein rester av desse kulturmiljøa som og er ein viktig del av den immatrielle kulturarva.

Den dominerande næringsstrukturen, med tyngdepunkt for maritime næringar i Stavanger, Haugesund og Egersund, landbruk og landbruksindustri på Jæren og kraftkrevjande industri i Ryfylke, vart i etterkrigsåra supplert med nye bransjar.

Særleg Sandnes og Jæren utmerka seg med ein meir variert industri: Her vart det blant anna produsert sykklar, tekstilar, teglstein, steintøy, møblar, metallvarer, ferdighus og gravemaskinar. Teknologien utvikla seg, og Jæren vart eit pionerområde for robotisering. Industrien på Sandnes og Jæren produserte i større grad for heimemarknaden og var dermed mindre konjunkturutsett enn dei maritime næringane i kystbyane.

Parallelt ekspanderte dei tenesteytande næringane og offentleg sektor, i takt med utbygginga av velferdsstaten.

Fakta

Industriminne

Industrialiseringa av Rogaland har satt klare spor etter seg i vår regionale kulturarv. Desse spora er ein eigen type kulturminne og kulturmiljø. Store samanhengande anlegg kan definere heile landskap.

Bevaring av industriminne handlar om å ta vare på fysiske spor etter industrihistoria, bygg og tekniske anlegg.

Minna har og ein viktig immateriell del, kunnskap om produksjon, drift og liv knyt til industrien.

I Rogaland er det mange industritypar som har satt mange viktige spor etter seg:

- Landbruksbasert industri, blant anna reiskap
- Tekstilindustri, spinneri, ullvarer, klær
- Landbruksbasert næringsmiddelindustri, som havremøller, meieri, lagring og distribusjon
- Kystbasert næringsmiddelindustri, som fiskeforedling, hermetikk-industri, skaldyr, lagring og distribusjon
- Båtbygging og verftsindustri, som reparasjon og bygging av seglskip og moderne verftsindustri
- Bergverk, steinbrot og gruver
- Vasskraft og kraftkrevjande industri, særleg smelteverk
- Trevareindustri og møbelproduksjon
- Oljeverksemd og ilandføring
- Andre industiar, b.la. leirvare, garveri, fajanse, trykkeri, emballasje-produksjon, sykkelproduksjon



Foto: Rogaland fylkeskommune

Blåfjellbanen frakta malm frå Blåfjell til Rekefjord i Sokndal. Banen skal ha vore den fyrste jernbanestrekninga i Rogaland.



Foto: Rogaland fylkeskommune

20. Religions- og samfunnsliv

Bedehuset Bethel i Judaberg på Finnøy. Bedehuset er det første på Finnøy, og vart bygd i 1878. Presten og predikanten Lars Oftedal stod for bygginga.

De var ute om seg på alle kanter,
satte alle seil til, og mens de gikk så
stille med sine salmer og saktmodig
tale, var de i virkeligheten dristige –
ja forvovne spekulanter.

Alexander Kielland

Grunnlova frå 1814 var blant dei mest demokratiske i verda. Men Norge var langt frå å vera eit demokratisk og fritt land etter våre dagars mål, aller minst på det religiøse området.

Då grunnlovsfedrane skreiv under på dokumentet på Eidsvoll, sat Hans Nielsen Hauge fengsla på Akershus. Hauge er blitt kalla den viktigaste personen i danninga av det moderne Noreg. Som lekpredikant opponerte han mot lova som gav prestane einerett på forkynning, og det kosta han fleire år bak lås og slå. Samstundes var han ein økonomisk gründertype, og på dei mange ferdene sine rundt om i landet gav han vanlege folk inspirasjon og opplæring i korleis dei skulle starta eigne verksemdar. Hauge personifiserte det sosiologen Max Weber har kalla «protestantismens etikk og kapitalismens ånd», og ved myndiggjeringa av allmugen både i åndeleg og økonomisk forstand la han grunnlaget for vidare demokratisering.

Ingen stad slo Hauges tankar sterkare gjennom enn i Rogaland. Under leiing av den lokale haugianarføraren John Haugvaldstad frå Rennesøy vart dei snart ein maktfaktor både i det religiøse og det økonomiske livet. Teologisk var dei konservative, og kombinasjonen av streng kristendom og aggressiv forretningsdrift fall ikkje i smak hos ein liberal patrisiar som

Alexander Kielland: «De var ute om seg på alle kanter, satte alle seil til, og mens de gikk så stille med sine salmer og saktmodig tale, var de i virkeligheten dristige – ja forvovne spekulanter».

Frå haugianarane utvikla lekmannsrørsla seg vidare. Det første bedehuset vart bygt i Hjelmeland i 1840, og i løpet av dei neste tiåra spratt det opp bedehus i kvar einaste bygd og by i Rogaland, der predikantar forkynnte, kvinner kokte kaffi, folk drøsa om nytt og gammalt og fekk utløp for gamblerinstinktet på anstendig vis under den årlege misjonsbasaren.

Finansiering av misjonsverksemd var ein viktig del av aktiviteten til bedehusfolket – både indremisjonen i Noreg og den ytre misjonen på «misjonsmarker» som Zululand, Kina og Madagaskar. Stavanger vart misjonshovudstaden i Norge, markert blant anna med Misjonshøgskolen som vart grunnlagt alt i 1843.

Det religiøse livet i Rogaland utmerka seg etter kvart med stort mangfald. Det vart etablert ei rekkje misjonsorganisasjonar, frikyrkjer og dissentarsamfunn som baptistar, metodistar, adventistar og pinseverer. Enkelte samfunn, som «dei sterktruande» i Eigersund, markerte både i religiøs praksis og levevis ein tydeleg avstand til storsamfunnet.

Bedehuset og kyrkja var ikkje nødvendigvis i konflikt overalt, men ein del prestar såg på bedehusfolket med ublide auge, og motviljen vart ofte gjengjeldt. Den replikksterke predikanten Sven Foldøen frå Ryfylke skal ha gitt følgjande kommentar til ei bispeutnemning: «Før hengde dei røvaren på korset. Nå hengjer dei korset på røvaren.»

**Før hengde dei
røvaren på korset.
Nå hengjer dei
korset på røvaren.**

Predikant Sven Foldøen

Kristendom og politikk

I siste del av 1800-talet var Lars Oftedal den uomstridde leiaren for bedehusfolket i Rogaland. Han var frå Stavanger med slekt frå Gjesdal, og var presteutdanna frå Kristiania. Etter eksamen var han ein periode sjømannsprest i Cardiff i Wales, der han vart inspirert av ei røffare og meir folkeleg form for forkynning. Oftedal prøvde det ut med stort hell blant gruvearbeidarane i Blåfjell i Sokndal, og mange vart omvende. Med base i bedehuset Bethania og prestekallet i St. Petri i Stavanger bygde han seg opp som religiøs leiar, politisk, redaktør og sosial entreprenør. Etter «fallet» i 1891, der han innrømma eit «usedeligt forhold», ramla denne posisjonen tilsynelatande i grus, men berre to år seinare gjorde han comeback ved å starta opp Stavanger Aftenblad.

Som stortingsmann og samfunnsdebattant på 1880-talet drog Oftedal bedehusfolket med seg

inn i den breie Venstre-koalisjonen som gjorde ende på embetsmannsstyret og demokratiserte landet. Men då Venstre etter kort tid vart splitta, vart Oftedal den uformelle leiaren for «moderate Venstre». Dette var ein forløpar for Kristeleg Folkeparti, som alltid har hatt ein sterkare posisjon i Rogaland enn i resten av landet.

Samvirkerørsla

I historisk perspektiv blir Stavanger rekna som den viktigaste samvirkebyen i Noreg. Ingen andre byar har utvikla et så sterkt og omfattande system av forbrukarsamvirke og bustadsamvirke. Gjennom forbrukarsamvirket gjekk folk saman og etablerte felles innkjøp og omsetnad av varer for å sikre seg gode og rimelege varer. Initiativet til dei første samvirkelaga kom frå arbeidarar på dei største industriarbeidsplassane som i slutten av 1800-talet starta egne butikkar kor medlemmene var med på å dela overskotet av verksemda.

Tiltaket var vellykka og inspirerte til danning av mange fleire samvirkelag både i Stavanger og etter kvart andre stader i fylket. Årsaka til at Stavanger fekk ein leiande posisjon innan samvirkerørsla, var mellom anna at ein her lukkast med å etablere ei rad med produksjonsanlegg for ulike produkt. Desse var organisert i Produksjonslaget Samhold som samla mye av verksemda si i Østre bydel i Stavanger. Her låg det smørfabrikk, bakeri, kaffibrenneri, såpefabrikk og ei eiga mølle med høge siloar. Seinare starta dei og ein eigen hermetikkfabrikk.

Forbrukarsamvirket hadde tyngdepunktet sitt i Stavanger, men modellen blei tatt opp i dei fleste kommunar i fylket og ga grunnlag for lokale verksemdar som og blei viktige element i lokale kulturmiljø.



21. Minoritetar som sette spor

På Stakland i Tysvær kommune ligg ein av tre kvekergravstader i Rogaland. Han vart godkjent som gravstad av Amtmannen i Stavanger Amt i 1858.

Det rogalandiske religiøse livet har som nemnt vore mangfaldig, med ei rekke dissentarsamfunn ved sida av den evangelisk-lutherske statskyrkja. Eitt av dei skal nemnast særskilt, nemleg kvekarane. Kvekarsamfunnet vart introdusert i Noreg og Rogaland av nordmenn som kom tilbake frå engelsk krigsfangenskap under napoleonskrigane 1807–1814.

Kvekarane vart sterkt motarbeidde av statskyrkja, og dei utgjorde ein stor del av «sluppefolket» som med hjelp frå tysværbuen Cleng Peerson drog frå Stavanger til New York med «Restauration» i 1825. Dermed starta dei den organiserte norske utvandringa til Amerika.

Også eit anna viktig trekk ved Rogalands historie kan knytast til kvekarane. I 1859 stifta Asbjørn Kloster, kvekar frå Rennesøy, Det Norske Totalavholdsselskap i Stavanger. Fråhaldsrørsla fekk ein sterk posisjon i Rogaland, ikkje minst fordi ho fekk brei støtte både frå kristenfolket og arbeidarrørsla. Stavanger fekk status som «Norges avholdsby», og så seint som i 1959 var det folkerøysting om det skulle vera Vinmonopol-utsal i byen – som jafolket vann. I dei andre byane i fylket kom det pol endå seinare – i Haugesund i 1978, i Sandnes i 1985 og i Egersund i 1987.

Romanifolket, taterane eller «fantane», som folk flest gjerne sa, eller «dei reisande», som dei kallar seg sjølve, har røter i Noreg tilbake til 1500-talet.

Tradisjonelt har romanifolket si livsform vore prega av eit omreisande tilvære i større eller mindre familiegrupper. Denne levemåten kunne opplevast utfordrande og gjorde dei ofte uglesett av bønder og øvrigheit, men samstundes som eit fargerikt innslag i dei stadbundne bygdesamfunna. Arne Garborg har fanga inn denne dualismen i romanen «Fred», der «fantane» spelar ei viktig rolle. Garborg hadde fått kunnskapar om språket og kulturen til taterane gjennom barndomsvennen Martin Mathiassen Skou, som er modell for ein av figurane i boka. Garborg skreiv seinare eit forord til den sjølvbiografiske boka «På fantestien», som Skou gav ut i 1917.

Romanifolket langs kysten reiste i båt, og vart gjerne omtalt som «dei båtreisande». «Dei båtreisande» langs kysten hadde faste ruter. Ei fast rute på veg sørover eller nordover, var å ta den indre leia frå Ålfjorden, over Haraldseidet og ned til Skjoldafjorden i Nord-Rogaland. Denne ruta har vore kjent sidan 800-talet og var i bruk blant «dei båtreisande» fram til 1940-åra.

Ein stor del av romanifolket dreiv med handelsverksemd, med både eigenproduserte og innkjøpte varer, noko som passa bra med den reisande livsstilen. Fleire stader i landet, var det romanifolk som dekkja den norske landsbygda sitt behov for handelsvarer og handarbeid. Fleire naut stor respekt hos dei fastbuande, som flinke handverkarar med viktige kunnskapar og eigenskapar.

Dei første **jødane** slo seg ned i Rogaland rundt 1900, og dreiv i hovudsak med handel og handverk. Det jødiske samfunnet i fylket vart aldri stort, berre eit tjuetals menneske. Den mest markante var Moritz Rabinowitz, som dreiv klesbutikkar i heimbyen Haugesund, samt i Stavanger, Sauda, Egersund og Kristiansand.



Foto: Rogaland fylkeskommune

«Romanivillaen» er frå 1700-talet, men blei flytta til dagens plassering på Øverland på Nedstrand tidleg på 1900-talet. Huset har vore nytta av romanifamiliar som bustad, i fleire periodar på 1900-talet. «Romanivillaen» blei freda av Riksantikvaren i 2018.

Rabinowitz var ein aktiv samfunnsdebattant som i tydelege ordelag åtvara mot faren frå den tyske nazismen. Alt dagen etter at Tyskland okkuperte Noreg vart Rabinowitz etterlyst. Han heldt seg skjult ei tid, men vart til slutt teken og send til Tyskland. I februar 1942 døydde han i konsentrasjonsleiren Sachsenhausen etter grov mishandling. Resten av dei rogalandske jødane vart med svært få unntak arresterte og drepne i gasskammera i Auschwitz i 1942/1943. Minnet om dei er markerte med snublesteinar på fortauet utanfor husa der dei budde.

Elles var dei utanlandske innsлага i Rogaland lenge få og spreidde. Det reiste fleire rogalendingar ut enn det kom framande hit. Ein del svenskar og tyskarar arbeidde på anlegg, gruver og fabrikkar, utanlandske sjøfolk kom på landlov i byane, turistar dukka opp i fjordane og langs lakseelvane, og på bedehusa kunne det slumpa ein og annan eksotisk «innfødd» frå misjonsmarka. Men kontrasten til våre dagars fleirkulturelle samfunn, eit resultat av oljå og den allmenne globaliseringa, er enorm. I dag er over 15 prosent av innbyggjarane i Rogaland fødte i eit anna land enn Noreg.

Foto: Rogaland fylkeskommune



Mektig natur og eit rikt laksefiske i Suldalslågen var grunnlaget for den tidlege turismen i Suldal. Ein føresetnad for turismen, var vegen som sto ferdig fram til Suldalsosen i 1875 og dampbåten som kom på Suldalsvatnet i 1885. Den engelske aristokraten Montague Sibthorp sin staselege «Villa Lindum», oppført i 1885, er i dag det best bevarte av «lakselotta» som vitnar om denne tidlege turismen.



Foto: Rasmus Tørnqvist

22. Samferdsel på land og sjø

MS Rogaland er den eldste kysttrutebåten vi har i Rogaland. Båten gjekk i rute mellom Oslo og Bergen fram til 1964.

Det er freistande å seia at Rogaland var eit fylke med blikket mot sjøen og ryggen til resten av landet. Då står ein i fare for å gløyma at det frå urgammal tid var eit nett av driftevegar over fjellet som knytte Rogaland saman med den austlege delen av landet. Skinnvegen mellom Lysebotn og Setesdal var ein av fleire fjellstiar der det var stor ferdsel av både folk og fe i sommarhalvåret, og det var viktige som handelsvegar. Gjennom Suldal gjekk pilgrimsleia til stavkyrkja i Røldal og vidare austover og nordover. Det kan synast underleg at Hallingdal og Valdres vart med på lasset då Stavanger bispedømme vart skilt ut frå Bjørgvin i 1125, men dei som bestemte det, visste nok kvar den kortaste vegen gjekk.

Likevel er det ingen tvil om at sjøen var den viktigaste transportåra, både i og ut av fylket.

Men også båttrafikken var avhengig av tilrettelegging for å kunna utviklast. Dei nye dampskipa kravde større og meir moderne kaianlegg, og frå 1850-talet og utover vart det sett i verk hamneutbygging og hamneutviding både i Stavanger og andre byar og kyststader i fylket. Dermed kunne ein ta imot større skip, og det kan med stor rett hevdast at Stavanger aldri kunne fått posisjonen som hermetikkby utan utbygginga av Vågen og Østre havn.

Mot slutten av 1800-talet hadde fjordabåtane blitt eit kjent og kjært syn i Boknafjord-bassenget. Kyrkjebakken som møtestad og arena for utveksling av siste nytt, ispedd litt sladder, vart utfordra av kaien. Rutebåtane gjorde meir enn å frakta folk og varer. Dei knytte byane og landdistrikta saman og forma fellesskap. Stader i nordfylket som Skudeneshavn, Nedstrand og Sauda kjende

seg lenge meir knytte til Stavanger enn til Haugesund, og kommunestrukturen reflekterte også at sjøen batt saman, medan land skilde. Øya Ombo var såleis inntil den siste kommunereforma delt mellom Finnøy og Hjelmeland.

Fjerntrafikken med dampskip var faktisk litt tidlegare ute enn den lokale. Alt på 1880-talet eksisterte det båttruter frå Stavanger til Kristiania og Bergen, og til fleire hamner i Storbritannia og på Kontinentet. Så, i 1913, vart det mogleg å reisa direkte mellom Stavanger og USA med den nyetablerte Norske Amerikalinje (NAL). Utvandringa til USA var framleis stor, og trafikkgrunnlaget til «Stavangerfjord» og dei andre amerikabåtane forsvarte drifta til lenge etter krigen. «Stavangerfjord» hadde sin siste tur i 1963.

Den auka skipstrafikken i fylket skapte auka behov for tiltak for å tryggja ferdsla på sjøen. Fyr og andre installasjonar langs Rogalandskysten er i dag viktige kulturminne. Utsira kan skilta med den eldste meteorologiske stasjonen i landet, som har vore i samanhengande drift sidan 1867. Trafikksentralen på Kvitsøy fører vidare ein lang tradisjon for losverksemd og overvaking av skipsleia, og Kvitsøy fyr er det nest eldste i landet i kontinuerleg drift. På Reve og andre stader langs Jærkysten er det minne etter dramatiske redningsaksjonar. Rogaland Radio, som vart etablert i 1960, var ein av dei største og mest avanserte kortbølgestasjonane i verda for radiokommunikasjon til sjøs. Mottakarstasjonen låg på Skjæveland og sendestasjonen i Vigreskogen på Nærbø. Anlegget vart nedlagt i 2004, men mastene står framleis.

Foto: Ingar Kristensen



På Eik på Sjernarøy var det tidlegare landhandel og anløp for rutebåttrafikken.

Fakta

Samferdsle på sjøen

Navigasjon og kunnskap om lokale forhold langs kysten har alltid vore viktig. Gjenkjenning av landskap og tydelege formasjonar er nok den eldste måten å finna vegen til sjøs. Sidan veit vi at gravhaugar, vardar, kyrkjer og andre seglingsmerke òg har vore viktige hjelpemiddel i navigeringa.

Ved starten av 1800-talet hadde Rogaland det fyrste samla systemet av fyr i Noreg, med Kvitsøy(1700), Skudenes(1799), Høgevarde(1700) og Tungenes(1828). I 1828 var det framleis berre tolv fyr i landet. Av dei 21 bevarte fyra i Rogaland, vart 14 reiste i perioden 1844 til 1874. Frå 1883 vart fyra supplerte med ubemanna fyrlykter. Mellom 1973–1992 blei fyra automatiserte og avfolka. Åtte fyr i Rogaland er freda, og fleire er regulerte til bevaring.

Den første føresegna om losing finn vi så langt tilbake som i 1276 i Magnus Lagabøtes landslov. Retten til å losa vart gjeven av kongen med losbrev. Det var likevel først i 1720 at losvesenet vart organisert gjennom ein statleg styrt losadministrasjon. Losstadane låg langs leia, og mange stader i Rogaland har lang historie som losstad, til dømes Skudenes, Tananger, Rott, Kvitsøy og Kopervik.

Det offentlege har stått for stor utbygging av hamner, kaiar, kanalar, vassforsyning og annan infrastruktur i Rogaland, særleg etter dei gode fiskeria på 1800-talet. Fiskerihamnene gav fiskarane trygg hamn. Utsira er eit særleg godt døme på ei slik offentleg utbygging, med blant anna hamneanlegg, fyrstasjon, losstasjon og ferskvassdam.



Foto: Rogaland fylkeskommune

Kvitsøy fyr er landets eldste operative fyrtårn. Opphavleg var det eit vippefyr medan det nåverande tårnet vart reist i 1827.

Fakta

Vegminne

Den første «vegen» var ein sti eller eit tråkk, denne kunne bli til ein kløv og rideveg. Der stiane møter ei elv kan ein finne uttrykket klopp. Her kan ein ha slept på plass gang-steinar/hoppesteinar og etter kvart bygd ei bru. I skrånande terreng vil ein kløv/rideveg lage ein holveg som er eit slitasjespor i terrenget.

Det neste steget i veghistoria finn vi frå midten av 1600-talet. Då byrja ein å laga vegar for hest og karjol (stolkjerre). Det var ein slik veg Fredrik IV brukte i 1704. Då reid han frå Egersund til Ogna og deretter reiste han vidare med vogn til Sandnes. Dette var ein smal veg – 2,5–3,5 meter brei – gjerne utan veggrøft og med ein låg steinmurt vegmur eller vegskulder på utsida.

Frå 1770 kom det franske prinsippet inn i veg-bygginga. Vegane skulle etter dette prinsippet vere snorrette. Bruene utvikla seg også frå hellebruer til steinkvelvsbruer.

Frå 1850 byrja ein å lage vegar etter chausser-prinsippet. Vegen skulle då følge landskapet og vart i større grad lagt ved åsar og fjellparti. Vegane fekk også ei betre underbygging med eit gruslag på toppen.

Frå 1912 byrja ein å lage vegar som var tilpassa bilar og frå 1960 vart bilen allemannseige og bilvegar vart standarden.




Foto: Alf Fagerheim/Dalane Folkemuseum.

Vegarbeid på Riksvei 44 over Jøssingfjord i 1970.

23. Bilen forandrar Rogaland



Den første bilen kom til Rogaland i 1898, og skal visstnok ha vore den første privatbilen i landet. Men vegnettet og vegstandarden i Rogaland var lenge dårleg utbygd. Sørøver frå Dalane mot Lyngdal var det lenge berre ein «yderst slet Ridevei», skreiv vegmeister Georg Daniel Barth Johnson. Køyrevegen mellom Stavanger og Kristiansand vart ikkje fullført før i 1844. Og bak eit ærverdig namn som «Kongevegen» gjennom Dalane og Jæren skjulte det seg ikkje anna enn ein humpete kjerresti som sette dei reisande på harde fysiske prøver. Heilt fram til 1945 måtte dei vegfarande til Sørlandet og Austlandet på «Vestlandske hovedvei» forsera den ekstremt bratte og svingete Tronåsen ved Moi. Dampskipsruta langs sørlandskysten til hovudstaden var ennå for dei fleste eit meir behageleg alternativ.

Nye vegar gav betre høve for person- og godstransport. Det fyrste forsøket kom i 1908 med Stavanger Automobil-Omnibusselskab, og i løpet av fyrste halvdel av 1900-talet kom det mange bussruter i alle regionane i Rogaland. Det var tidleg vanlege men større utgåver

av «automobilar» som blei brukt som buss, seinare kom rutebilar med ombygd karosseri, der var fleire lokale verkstader og fabrikkar som dreiv karosseribygging.

Vegutbygginga skaut fart etter krigen, særleg etter at bilsalet vart fritt i 1960. Og då tok Rogaland sitt monn igjen. Nye vegar, i seinare tid supplert med undersjøiske vegtunnelar som Rennfast, Finnfast og Ryfast, har vore høgt prioritert av Rogalands-politikarane og gjort fylket til eitt av dei mest bilavhengige i landet. Sjølv om ei klassisk lokal revywise påstår at det er «sjynt å kjøra byss», har storbyområdet på Nord-Jæren ein mindre kollektivandel enn både Oslo, Bergen og Trondheim.

Overgangen til vegtransport har også endra økonomiske og politiske strukturar i Rogaland. Nå er det landevegen som bind saman, og sjøen som skil. Ein region som Haugalandet er eigentleg ei nyskaping som ville vore utenkeleg utan bilen. Og sentrum i Tysvær er ikkje lenger Nedstrand, men Aksdal.

Foto føregående side: Bilveg over Tronåsen i 1938, langs Lundevannet går jernbanelinja mot Flekkefjord. Vegen over Tronåsen er i dag freda etter kulturminnelova.



Denne type brannhydrantar finst berre i Åbøbyen i Sauda og i New York.



Foto: Per Christoffer Salvase

Moi stasjon, bygd i 1904.

24. Tog og fly

Jernbanen gjorde sitt inntog i persontrafikken i Rogaland då Jærbanen frå Stavanger til Egersund vart opna i 1878. Jærbanen fekk avgjerande innverknad på tettstadstrukturen på Jæren, og opna for større handel og kontakt mellom by og land i sørfylket. Etter at trafikken lenge hadde vore i stagnasjon, fekk Jærbanen ein ny giv i 1992, og med dobbeltspor mellom Stavanger og Sandnes er banen på ny blitt ein viktig akse i kollektivtransportsystemet i regionen.

I 1904 vart banen forlenga til Flekkefjord, men målet for dei lokale jernbanepådrivarane, med Sigval Bergesen i spissen, var heile tida å få ein

samanhengande jernbane mellom Stavanger og Oslo. Med litt ekstrahjelp frå okkupasjonsmakta vart målet nådd, og i 1944 kunne Sørlandsbanen opnast.

På lange strekningar måtte jernbanen likevel sjå seg slått av flyet. Med flyplassar både på Sola og Helganes går vegen ut av fylket til utlandet og Oslo raskast gjennom lufta. Utbygging av flyplassane har vore ei kampsak for politikarar og næringsliv. Men også flytransporten møter krav og kritikk i ei tid der klimagassutsleppa skal kuttast kraftig. Å skapa eit miljøvennleg og klimaansvarleg transportsystem er i dag ei av dei store politiske utfordringane for fylket.

25. Rogaland blir energifylket



Flørli i Sandnes kommune.

Rogaland var lenge eit energifattig fylke. Med unntak av Ryfylke og til dels Dalane var det lite skog, og torv var vanleg til brensel, spesielt på Jæren. I byane vart det brukt mykje koks, som måtte importerast frå utlandet.

Dette endra seg radikalt på 1900-talet. Då elektrisiteten vart introdusert som ny kraftkjelde, var dei stupbratte fjella og dei strie vassdraga i Rogalands-heiane ei gullgruve. Kommunane bygde ut eigne kraftverk, enkelte vart straffa økonomisk for å ha investert i friskaste laget i jobbetida under 1. verdskrigen, men den elektriske straumen var komen for å bli. I 1946 var det 179 kraftverk i Rogaland, dei fleste av desse mini- og mikrokraftverk. Krafta la også grunnlaget for ny industri på stader som Sauda, Jørpeland, Karmøy og Jøssingfjord. Den avsidesliggjande fjellbygda Sauda vart på denne måten integrert i verdsøkonomien, ved at råstoff frå Afrika vart omlaga til metall i smelteverket, og til profitt for eigarar i USA, Canada eller Frankrike. Sauda vart dermed også prega av store classeskilje og ein ny og radikal arbeidarkultur, som er skildra av Kjartan Fløgstad i mange av hans bøker.

Kulminasjonen av kraftutbygginga i Rogaland kom med Ulla-Førre-utbygginga i Suldal og Hjelmeland på 1970-talet, det største vasskraftverket i Nord-Europa. Utbygginga førte med seg at store fjellområde vart oppdemde til ein kunstig innsjø, Blåsjø. Lenge var det ei vanleg oppfatning at tida for dei store vasskraftutbyggingane var over, men behovet for meir fornybar elektrisitet i samband med det grøne skiftet, saman med den sterke motstanden mot vindkraft på land, har ført til at utbygging av vassdrag har kome på dagsordenen igjen.

I dag står Rogaland for 10 prosent av vasskrafta og over 30 prosent av vindkrafta i landet. Når dette kjem på toppen av olja og gassen, står fylket fram som det viktigaste energifylket i landet. Dermed står Rogaland i brennpunktet for den aktuelle debatten om korleis energiresursane skal nyttast på ein mest mogleg berekraftig måte.

Fakta

Vasskraft

Teknologiske nyvinningar og endringar mot slutten av 1800-talet skapte ein ny fase i den industrielle utviklinga, ofte kalla «den andre industrielle revolusjon». I Rogaland er dette særleg merka med store vasskraftutbyggingar og kraftkrevjande industri.

Kraftstasjonane skulle ha ei god estetisk utforming og ein nytta ofte gode arkitektar til å teikna dei. Kraftverka er kulturminne med særpreg.

Dei tidlegaste store kraftverka blei etablert i område med høgt fall og stor vassføring, ofte på stader utan større busetting frå før, som til dømes Sauda, Oltedal og Flørli. Desse gav grunnlag for ny industri eller produserte elektrisitet for dei store byane.

Utover andre halvdel av 1900-talet førte teknologiutvikling til nye endringar.

Kraft kunne enklare fraktast over store avstandar, og det blei gjort fleire store utbyggingar, til dømes Røldal-Suldal, Ulla-Førre og Lyse.

Samstundes med dei store vasskraftutbyggingane blei det og etablert mange mindre kraftverk, med kortare vassfall og mindre produksjon, tilpassa eit lokalt elektrisitetsbehov i garden eller grenda.

Vasskrafta er og har vore avgjerande for Rogalands historie dei siste 100 år, og det er viktig å ta vare på spor etter denne.

Spora består av sjølve kraftverket, med turbinar og anna teknisk inventar, rørgater og demning/kraftmagasin – i lag med anlegg knytt til transport av straumen (leidningsnett og transformatorstasjonar).



Foto: Rogaland fylkeskommune

Suldal kraftstasjon på Kilen, Nesflaten i Suldal.
Teikna av arkitekt Geir Grung.



26. Eit strategisk viktig fylke

Då tyske fly viste seg over himmelen 9. april 1940, hadde det ikkje vore krigshandlingar på rogalandsk jord sidan mellomalderen, med unntak av ei skotveksling med eit engelsk krigsskip utanfor Rekefjord under napoleonskrigane. Rogaland var uførebudd på krig, til liks med resten av landet.

Tyske troppar tok raskt kontroll over Sola flyplass. Angrepet har fått ein plass i krigshistoria som det første der fallskjermstyrkar vart sleppte ut over fiendtleg område og kom i kamp – om enn kortvarig. Same dag okkuperte tyskarane Egersund, utgangspunktet for den viktige telegrafkabelen til Peterhead i Skottland. Norske styrkar vart tekne på senga og ytte liten motstand, bortsett frå ei avdeling som heldt stand nokre dagar i Dirdal og Gloppedalsura.

For både tyskarane og dei allierte var Rogaland viktig med tanke på kontrollen over sjø- og luftrommet i Nordsjøbassenget, og begge partar hadde store tap i kampar og forlis utanfor Rogalands-kysten. Militærhistorikaren, den tidlegare toppoffiseren Hjalmar I. Sunde, har sagt at Rogaland og Aust-Finnmark var dei to delane av Norge som var strategisk viktigast under krigen. Tyskarane frykta ein alliert invasjon på Jæren, og «Hitlertennene» på Brusand er eitt av mange spor etter «Festung Norwegen». Jærstrendene vart minelagde. Sola flyplass vart utbygd og supplert med ei flystripe på Forus. Dei to flyplassane var knytte saman av den såkalla «Löwenstrasse».

I lys av dette var det ikkje rart at den viktigaste motstandskampen i Rogaland handla om etterretning. Både i nord- og sørfylket var det grupper som samla informasjon om tysk aktivitet på land og sjø og sende opplysningane vidare til dei allierte. Fleire av gruppene vart avslørte, med dødsdommar eller konsentrasjonsleir som resultat.

Samstundes som krigen førte med seg store menneskelege og materielle tap, var det også plussar i rekneskapen. Jernbane, flyplass og vegar var utbygde, «tyskararbeidet» hadde gjort slutt på arbeidsløysa, og kommunar, næringsliv og privatpersonar var blitt kvitt tyngjande gjeld. Det hjelpte til då gjenreisinga skulle begynna. Forsvaret kunne også ta over nokre anlegg etter tyskarane, som Vatneleiren og Fjøløy fort.

Også under den kalde krigen var Rogaland eit strategisk område. Sola vart bygd vidare ut med amerikansk hjelp, og var ein viktig flyplass for Nato-alliansen. Sovjetisk presse trekte fleire gonger fram amerikansk flyaktivitet på Sola som teikn på at Noreg var i ferd med å bli eit «springbrett» for angrep på Sovjetunionen. Oljenæringa har gitt fylket ei ny viktig tryggingsspolitisk rolle, og det er neppe tilfeldig at Nato har plassert eit felles krigføringssenter i Jåttånuten i Stavanger.

Foto føregåande side: Ved Brusand i Hå ligg det lengste beltet med pansersperringar som er kjend i Norden. "Hitlertennene" skulle hindre alliert landgang, saman med eit langt belte med minefelt, pansermur, vollar og skytestillingar.

Fakta

Krigsminner

Langs Jærkysten, frå Brusand til Tungenes, finnes det lengste samanhengande tyske forsvarsanlegget i landet. Dette var del av Atlanterhavsvollen (tysk forsvarsverk frå Frankrike til Finnmark), og den er mange stader framleis godt synlege i landskapet. I tillegg er det «Festung Stavanger» rundt Stavanger, store forsvarsverk i innseglinga til Boknafjorden, på Haugalandet, Ryfylke og i Dalane.

Etter krigen ble nokre anlegg overtatt av forsvaret eller andre aktørar, som Sola flyplass eller Vatneleiren, mens dei fleste blei heilt eller delvis fjernet. Interiør, kanoner og annet materiell tatt bort, bygg ble revet, samt minefelt, piggråd og annet lausare materiale. Til slutt er det stort sett berre betongkonstruksjonar og terrengformasjonar bevart.

I landsverneplan for forsvaret er kulturminne i forsvarets eie prioritert for vern. Dette er anlegg som etter krigen ble overtatt og brukt av det norske forsvaret: Neset fort på Karmøy, Fjøløy fort i Stavanger, Vatneleiren i Sandnes, Sola land, Ølbergskogen og Åsen batteri i Sola. Anlegg utanfor offentleg eige har ikkje gjennomgått ein tilsvarande verne vurdering, anna enn i enkelte kommunar.

Alle kommunane i Rogaland har krigsminne bevart som del av lokal kulturarv og historie. Kommunane langs kysten har særleg mange bevarte kulturminne, og mange anlegg med høg verdi. Det same gjelder kommunane som var del av «Festung Stavanger».



Foto: Rogaland fylkeskommune

27. Revolusjon i helsestellet

Gamle Stavanger sykehus blei bygd i 1897, og er teikna av Arkitekt Hartvig Eckhoff, som og teikna Rogaland Teater og Stavanger Museum. I 1984 overtok Rogaland fylkeskommune bygga.

Sjølv om det er historisk belegg for at biskop Torgils grunnla eit hospital i Stavanger alt i 1272, var helsestellet i Rogaland lenge dårleg utbygd, slik tilfellet var også i andre delar av landet. Helsetilstanden og dei hygieniske forholda var skrale, og smittsame sjukdommar tok mange liv. Eit sjukehus for «radesjuke» – eit samlenamn for mellom anna spedalskheit og syfilis – vart starta opp i Stavanger på slutten av 1700-talet, men det førte ikkje til særleg framgang i kampen mot sjukdommane.

Eit uhyggeleg eksempel på kor ille det framleis stod til hundre år seinare, var «Den Kombinerte Indretning» i Stavanger. Det var etablert i 1845 og tenestgjorde som sjukehus, fattighus, «dårekiste» og tvangsarbeidsanstalt. Alexander Kielland dokumenterte dei umenneskelege forholda der i ein kritisk artikkelserie i Stavanger Avis, og institusjonen vart nedlagd. I 1897 vart Stavanger sjukehus opna, og i 1913 «Dale Asyl», eit spesialsjukehus for psykisk juke.

Etter kvart kom det også sjukehus og andre helsetilbod fleire andre stader i fylket. Fleire av dei vart sette i gang av ideelle organisasjonar. I nordfylket starta Norske Kvinners Sanitetsforening eit sjukehus i Kopervik i 1925 og Haugesund Revmatismesykehus i 1957 –

det sistnemnde er framleis i drift. I sørfylket vart det etablert to store institusjonar for psykisk utviklingshemma like etter krigen – Norges Røde Kors stod bak Bakkebø i Eigersund, medan Nærlandheimen i Hå vart driven av Diakonforbundet. Begge vart nedlagde i samband med reforma av helsevernet for psykisk utviklingshemma (HVPU-reforma) på 1990-talet.

Denne omlegginga føyer seg inn i eit mønster, der ein stadig større del av helsetilbodet blir gitt i regi av det offentlege, og der ambisjonane og kostnadene har blitt stadig høgare. Helse- og sosialbudsjettet utgjør i dag den klart største delen av dei offentlege utgiftene. Krav om effektivisering, større fagmiljø og meir spesialisering har ført til sterkare sentralisering av helsetilbodet. Kampen om framtida for dei små sjukehusa i Sauda og Egersund var ein gjengangar i fylkespolitikken på 1980- og 1990-talet. I 2001 vart sjukehusa overførte til statlege helseføretak, Helse Stavanger i sør og Helse Fonna i nordfylket, og det meste av akutt- og spesialisthelsetenesta er samla på det som nå heiter Stavanger universitetssjukehus og Haugesund sjukehus. Sjukehus og andre helseinstitusjonar er også blitt stadig større og viktigare arbeidsplassar i fylket.



Foto: Rogaland fylkeskommune

28. Inn i utdannings- samfunnet

Det gule skulehuset på Mogleiv i Suldal ligg like ved Riksveg 13 i eit flott kulturlandskap. Skulehuset sto tidlegare på garden Littlehammar omlag ein kilometer lenger sør langs Suldalsvatnet.

Skule og utdanning er den andre store offentlege sektoren som har vore i sterk vekst.

Utdanninga var lenge knytt til kyrkja, og Stavanger katedralskole (Kongsgård) kan føra sine historiske røter heilt tilbake til 1243, men med anna form og plassering enn dagens skule. I 1736 kom innføringa av konfirmasjonen i Danmark-Norge, og med den krav om at alle unge skulle tileigna seg eit minstemål av kristendomskunnskap. «Allmueskolen», som vart innført i kjølvatnet av konfirmasjonen, var også dominert av Pontoppidans forklaring og andre religiøse tekstar, og det var gjerne klokkaeren som var lærar. Blant bøndene var det stor skepsis til eit tiltak som dei frykta ville påleggja dei tyngre skattar og dra barn og ungdom vekk frå nyttig og nødvendig arbeid.

Undervisninga gjekk lenge føre seg i heimane, den såkalla «omgangsskulen». Etter kvart begynte det å koma eigne skulehus, til dømes på Jelsa alt i 1775, på Line i Time i 1865 og på Førre i Avaldsnes i 1867. Men det var først etter folkeskulelova i 1889 at utbygginga skaut fart. Det nye statusen til skule og utdanning manifesterte seg i ruvande lærdomstempel som Storhaug skole i Stavanger (1902) og Breidablik i Haugesund (1900).

Stavanger katedralskole var lenge den viktigaste vidaregåande skulen i fylket. Han har skrive seg inn i norsk litteraturhistorie på lite flatterande vis som arena for Alexander Kiellands flengjande angrep på «latinskolen» i romanen «Gift» (1883). Denne typen skule var nok alt på vikande front då romanen kom ut, men i større perspektiv kan nok boka lesast som uttrykk for ein viss rogalandsk skepsis til klassisk akademisk

utdanning som det var vanskeleg å sjå nytteverdien av i folks kvardag.

Eit meir folkeleg danningsideal med utgangspunkt i bygdene og nynorskrørsla fekk sitt uttrykk i etableringa av Rogaland offentlege landsgymnas på Bryne i 1924. Hit kom mange av dei mest evnerike ungdommane frå distrikta, og gymnaset utmerka seg lenge med uvanleg gode resultat.

Vel 20 prosent av elevane i grunnskulen i Rogaland får opplæring på nynorsk. Det er om lag dobbelt så mykje som landsgjennomsnittet. Ti av dei 23 kommunane i fylket er språkdelte, det vil seia at det finst både nynorsk- og bokmålskrinsar eller -klassar i kommunen. Rogaland er kanskje det fylket i landet der kontaktflata mellom dei to norske skriftspråka er størst i det daglege.

Rogaland stod lenge utan tilbod til ungdom som ville ta høgare utdanning, men fylket har dei siste tiåra teke igjen mykje av det tapte.

Rogaland distriktshøgskole vart opna på Ullandhaug i 1969, og etter gradvis ekspansjon vart målet om universitetsstatus nådd i 2005. Universitetet i Stavanger har nå vel 12.000 studentar og nær 2000 tilsette, fordelt på seks fakultet. Også i Haugesund, ein av dei fem studiestadene til Høgskulen på Vestlandet, er det eit omfattande høgare utdanningstilbod. Utdanningsnivået i Rogaland er likevel framleis lågare enn i dei andre storbyfylka.



29. Sentralisering, vekst og stagnasjon

Sogndalstrand kulturhotell blei starta av Eli og Jan Oddvar Omdal på midten av 1990-talet. I dag held hotelldrifta til i 11 av bygningane i den gamle ladestaden.

Den første folketeljinga i Noreg vart gjennomført i 1801. Då hadde Hjelmeland fleire innbyggjarar enn Stavanger. I dag bur det nesten 60 gonger så mange menneske i Stavanger som i Hjelmeland.

Dei siste 200 åra har Rogaland, til liks med andre delar av landet, opplevd ei kraftig sentralisering og urbanisering. Jærregionen, og særleg byområdet Stavanger/Sandnes, har fått ein stadig større del av folketalet i fylket. Nær halvparten av rogalendingane bur nå i desse to byane.

Dei siste 200 åra har Rogaland, til liks med andre delar av landet, opplevd ei kraftig sentralisering og urbanisering.

Haugalandet har vel 20 prosent av folketalet. Det er også ein relativ nedgang, men talet undervurderer tyngda i denne regionen, fordi fleire kommunar på Vestland-sida av fylkesgrensa er del av Haugalandet som arbeids-, bustad- og handelsområde. Til nå er det likevel berre Ølen av Sunnhordlands-kommunane som har teke steget over til Rogaland.

Ryfylke og Dalane er dei mest typiske utkantregionane i fylket, kvar av dei med 5 prosent av folketalet. Fleire kommunar har

opplevd fråflytting. Situasjonen er særleg dramatisk for Ryfylke, som i tillegg er i ferd med å bli splitta som region. I nord vert Suldal og Sauda trekte mot Haugesund, medan Ryfast-tunnelen har gjort vegen til Stavanger frå Strand og Hjelmeland enklare og kortare. Kommunereforma resulterte i at Finnøy og Rennesøy slo seg saman med Stavanger, medan Forsand er blitt ein del av Sandnes.

Dette var elles dei einaste endringane i kommunestrukturen som kom i Rogaland, og talet på kommunar vart dermed redusert frå 26 til 23. Til samanlikning vart kommunetalet halvert frå 53 til 26 ved den første samanslåingsrunden i 1965. I lengre perspektiv kan me seia at Rogaland nesten er tilbake til utgangspunktet – då det kommunale sjølvstyret vart innført i 1837 var det 25 kommunar i fylket.

Som eitt av få fylke vart Rogaland heller ikkje berørt av regionreforma. «Rygjafylket» er dermed stort sett som det har vore gjennom tusen år.

Dei store endringane i demografi, næringsliv og trafikkmønster har hatt store konsekvensar for tettstadstrukturen.

Medan bedrifter og kjøpesenter samlar seg der det er kort avstand til hovudvegane og romsleg med parkeringsområde, blir tidlegare livlege handelsstader og trafikknutepunkt som Sogndalstrand, Jelsa, Nedstrand og Skudeneshavn liggjande i skuggen. Til gjengjeld har fleire av desse stadene teke vare på eit autentisk bygningsmiljø med ei synleg historie som gjer dei attraktive for folk som driv med turisme, kultur og kunsthåndverk.

Folketalsutviklinga i byane i Rogaland

Årstal	Stavanger	Sandnes	Haugesund	Eigersund	Byar i prosent av heile fylket
1801	2500	–	200	684	8
1845	8646	–	401	1231	13
1875	20 288	1507	4421	2419	26
1890	23 899	2644	6000	2960	42
1900	30 613	2644	7911	3222	36
1920	43 779	2808	16 565	3429	41
1960	52 835	3983	24 000	3868	38
2022	144 147	80 450	37 234	11 406	58

Kilde: Statistisk sentralbyrå.



30. «Lykkelandet»

Oppfatninga av Rogaland som fattig før oljå kom, er ein myte, sjølv om Stavanger hadde nokre vanskelege år etter nedgangen i hermetikkindustrien. I heile etterkrigstida auka fylket gradvis sin del av folketalet i landet, og næringslivet vart meir mangfaldig og mindre konjunkturavhengig.

Likevel er det ikkje tvil om at oljenæringa frå 1970-talet gav støyten til ein vekst og velstand utan sidestykke, og til djupe kulturelle endringar. Store oljebasar grodde fram i Risavika og Dusavika, mektige administrasjonsbygg på Forus. Rogalendingar vart fortrulege med

amerikansk oljesjargong, «avholdsbyen» Stavanger vart historie, og prangande hus vitna om ny rikdom. I Jåttåvågen står det skeive tårnet som minne om store industrielle bragder. I Kvernevik står Kielland-monumentet som påminning om at oljå også førte med seg store menneskelege tragediar.

«Lykkelandet» vart både beundra og misunnt av resten av Noreg. Statusen som oljefylke vart ei kjelde til ny stoltheit blant rogalendingane, av og til på grensa til det vulgære, som når Oilers-tilhengarane syng «Me kan kjøba heila Oslo om me vil...»

I kulturlivet er Rogaland blitt meir synleg både nasjonalt og internasjonalt, uttrykt på så forskjellige vis som at Stavanger var europeisk kulturby i 2008, Haugesund er arena for den største norske filmfestivalen og Jæren er leverandør av internasjonale fotballspelarar. Det gamle bedehusfylket er i dag prega av eit stort kulturelt mangfald, samstundes som den internasjonale orienteringa som alltid har vore der, har fått mange nye omdreingar.


Foto føregåande side: Oljealderen har betydd mykje for industrien i Rogaland, blant anna har mange store anlegg blitt bygd i fjordane. Her frå bygging av Ekofiskveggen i Vikebygd i Vindafjord mellom 1988–1989.

Veksten har akselerert omstillingane, på godt og vondt. Det høge oljedrivne kostnadsnivået i kombinasjon med framveksten av billeg produksjon i fattigare land skapte problem for mykje av fastlandsindustrien. Dei lagar ikkje sykklar på Sandnes lenger. Auken i folketal og nyetableringar har også gått hardt ut over landbruksjorda i fylket. Bruken av arealressursane er i dag eit stort konfliktemne i fleire kommunar.

Det mest illustrerande dømet på korleis kulturlandskapet i Rogaland har blitt endra av den økonomiske utviklinga det siste hundreåret, er nok Stokkavatnet på grensa mellom nåverande Stavanger, Sandnes og Sola kommunar. I 1906–1912 vart det tappa ut for å gi rom for nydyrking – det største av 20 slike

tørrellegingsprosjekt i perioden mellom 1863 og 1953. Etter nokre tiår som jordbruksland vart det til Forus industriområde, som i dag er ein av dei mest dynamiske næringsparkane i landet.

Gjennom alle endringar er det likevel eit trekk som vender tilbake: Rogaland er i dag, som tidlegare i si historie, avhengig av ei dominerande næring, basert på ressursar frå havet og prisgitt internasjonale konjunkturar. Og spørsmålet blir stilt med større styrke: Kor berekraftig er det at så mange av oss lever av ein ikkje-fornybar ressurs som verda må bruka mindre av? Svaret på det spørsmålet vil vera avgjerande for korleis Rogaland vil utvikla seg i åra som kjem. Og den som vil skapa ei ny framtid, gjer som regel lurt i å kjenna si fortid.



31. Kva er regionalplan for kulturmiljø?

Strandgravfelt frå jernalderen ved Hå gamle prestegård.

Kulturmiljø er spor av vår historie. Menneske har alltid sett spor etter seg, og desse spora utgjer fellesskapet sin hukommelse om tidlegare generasjonars samfunn og levemåtar. Dei er miljømessige, sosiale og økonomiske ressursar som gjev grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Regionalplan for kulturmiljø bidrar til bevaring, bruk og utvikling av kulturmiljø.

Regionalplan for kulturmiljø er ein regional plan etter plan og bygningslova §§8-1-8-4. Planen skal vere eit styringsdokument for både Rogaland fylkeskommune og kommunane i arbeidet med utvikling og forvaltning av viktige kulturmiljø i fylket.



Visjon og mål:

Visjonen for kulturmiljø i Rogaland er:

**Rogaland tek vare på –
og verdset – kulturmiljøa
sine som viktige
ressursar i ei berekraftig
samfunnsutvikling.**

For å realisere denne visjonen set regionalplanen følgande tre mål:

1. I Rogaland tek me vare på eit mangfald av kulturmiljø slik at spor frå heile historia om Rogaland, frå steinalder og fram til i dag, kan opplevast, brukast og gje kunnskap – no og i framtida.
2. I Rogaland har me god kunnskap om kulturmiljøa våre og korleis dei bidreg til å gje eigenart og identitet til stader og folk.
3. I Rogaland kan alle engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø. Me nyttar kulturarv og kulturmiljø til å skape trivsel, tilhøyrse og unike opplevingar.

Til kvart av måla er det utarbeidd strategiar og tiltak som det blir gjort greie for i hovuddelen av plandokumentet og i handlingsprogrammet.

Kvar finn eg regionalplanen?

Regionalplan for kulturmiljø er tilgjengeleg gjennom nettsidene til Rogaland fylkeskommune. www.rogfk.no

Regionalplan for kulturmiljø har fire hovuddelar:

Plandokument:

Regionalplandokumentet gir strategisk retning og prioriteringar for det offentlege sin innsats på kulturmiljøfeltet, både forvaltning, bevaring og utvikling.

Handlingsprogram med tiltak:

I handlingsprogrammet er det definert tiltak som fylkeskommunen, kommunane og andre aktørar skal gjennomføre for å nå måla i planen.

Mellom anna skal vi starte rådgivingstenester for eigarar av gamle bygg. Vi skal formidle kulturmiljø fysisk og digitalt, gjennom til dømes å legge til rette for kulturminne som turmål eller å formidle historie til barn og unge. Vi skal ta betre vare på kulturmiljø.

Ei oversikt over kulturmiljø av regional interesse:

Det er mange kulturminne og kulturmiljø i Rogaland, og fleire av desse er vist i dette heftet. I Regionalplan for kulturmiljø er det markert eit utval område som har vesentleg regional interesse. De kan finne informasjon om kulturmiljø av regional interesse via karttenesta Temakart-Rogaland, temakart-rogaland.no.

Ei oversikt over fylket si historie:

Heftet du held i hendene skal supplere kulturmiljøoversikta og gje eit lett leseleg innblikk i viktige historiske hovudtrekk.



Arkeologar arbeider i sjakt på utgravingsfelt ved fylkesveg 44 i Eigersund kommune.

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger



Rogaland
fylkeskommune

Besøksadresse:
Arkitekt Eckhoffs gate 1
4010 Stavanger

Telefon:
51 51 66 00

E-post:
firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no